

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI 341



JORDBRUKSSTATISTIKK
1958

Agricultural Statistics 1958

STATISTISK SENTRALBYRÅ
OSLO 1959

Noregs offisielle statistikk, rekkje XI
Norway's Official Statistics, series XI

Rekkje XI

Prenta 1958

- Nr. 301 Syketrygden 1955 *Health insurance*
— 302 Forsikringsselskaper 1956 *Sociétés d'assurances*
— 303 Folketellingen 1. desember 1950 IX *Husholdningenes sammensetning
Population census December 1, 1950 IX Composition of households*
— 304 Folkemengden i herreder og byer 1. januar 1957 *Population in rural districts
and towns*
— 305 Kriminalstatistikk 1956 *Criminal statistics*
— 306 Sunnhetstilstanden og medisinalforholdene 1955 *Medical statistical report*
— 307 Norges elektrisitetsverker 1956 *Electricity plants*
— 308 Jordbruksstatistikk 1957 *Agricultural statistics*
— 309 Statistisk årbok 1958 *Statistical yearbook of Norway*
— 310 Samferdselsstatistikk 1958 *Transport and communication statistics*
— 311 Meieribruket i Noreg 1956 *Norway's dairy industry*
— 312 Sinnssykehusenes virksomhet 1956 *Hospitals for mental disease*
— 313 Syketrygden 1956 *Health insurance*
— 314 Ulykkestrygden for sjømenn 1949—1953 Ulykkestrygden for fiskere 1949
— 1953 *Accident insurance for seamen Accident insurance for fishermen*
— 315 Undervisningsstatistikk 1955—56 *Statistics on education*
— 316 Folkemengdens bevegelse 1956 *Vital statistics and migration statistics*
— 317 Norges jernbaner 1955—56 *Chemins de fer norvégiens*
— 318 Norges bergverksdrift 1957 *Norway's mining industry*
— 319 Norges handel 1957 Del I *Foreign trade of Norway Part I*
— 320 Norges industri 1956 *Industrial production statistics*
— 321 Kreditmarkedstatistikk 1956 *Credit market statistics*

Rekkje XI

Prenta 1959

- Nr. 322 Økonomisk utsyn over året 1958 *Economic survey*
— 323 Folketellingen 1. desember 1950 IV *Oversikt over yrkesstatistikken Detalj-
oppgaver for riket Population census December 1, 1950 IV A survey of
statistics on occupation Detailed figures for the whole country*
— 324 Alkoholstatistikk 1957 *Alcohol statistics*
— 325 Bedriftstelling i Norge 24. april 1953 III *Øvrige næringer Census of esta-
blishments April 24, 1953 III Other industries*
— 326 Produktivitetsutviklingen i industrien 1949—1955 *Productivity trends in
mining and manufacturing*
— 327 Norges postverk 1958 *Statistique postale*
— 328 Forsikringsselskaper 1957 *Sociétés d'assurances*
— 329 Samferdselsstatistikk 1959 I *Transport and communication statistics I*
— 330 Statistiske oversikter 1958 *Statistical survey*
— 331 Telegrafverket 1957—58 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI 341



JORDBRUKSSTATISTIKK
1958

Agricultural Statistics 1958

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1959

Utkomen før:

Representativ landbrukstelling 1923 VII nr. 117.

Landbruksareal og husdyrhold 1924 VII nr. 153, 1925 VII nr. 183, 1926 VIII nr. 28, 1927 VIII nr. 39, 1928 VIII nr. 77, 1930 VIII nr. 140, 1931 VIII nr. 166, 1932 VIII nr. 194, 1933 IX nr. 16, 1934 IX nr. 43, 1935 IX nr. 71, 1936 IX nr. 96.

Jordbruksstatistikk 1937 IX nr. 132, 1938 IX nr. 159, 1939—1944 X nr. 99, 1945 X nr. 117, 1946 X nr. 148, 1947 X nr. 161, 1948 X nr. 195, 1949 XI nr. 44, 1950 XI nr. 69, 1951 XI nr. 108, 1952 XI nr. 127, 1953 XI nr. 176, 1954 XI nr. 202, 1955 XI nr. 235, 1956 XI nr. 276, 1957 XI nr. 308.

Jordbruksstellingen i Norge 1949:

Første hefte. Arealet, husdyrholtet m. v. XI nr. 40.

Annet » Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m. v. XI nr. 71.

Tredje » De naturlige jordbruksområder XI nr. 87.

Fjerde » Oversikt XI nr. 103.

Også i 1907, 1917, 1929 og 1939 var det serskilde jordbrukssteljingar. Oppgåver over husdyrhald, utsæde m. m. vart henta inn saman med folketeljingane i 1835, 1845, 1855, 1865, 1875, 1890 og 1900. Ein viser også til Beretninger om amternes økonomiske tilstand (1827—1920).

Av statistiske publikasjonar som gjeld jordbruket, kan ein elles nemna meieri-statistikken (årleg frå 1925) og veterinærstatistikken (årleg frå 1889) og av serskilde etterreknader:

Husdyrbruket. Produksjon 1927/28 VIII nr. 98.

» » 1946/47 XI nr. 24.

Svineholdet 3. april 1934 og 1933 IX nr. 38.

Pelsdyrtellingen 1. september 1934 IX nr. 65.

» » 1936 IX nr. 115.

» » 1946 X nr. 151.

Beitetellingen 1935 IX nr. 110.

Bureising med statsstøtte 1921—1936 X nr. 1.

Gårdbrukernes og småbrukernes formue og gjeld 1932/33 IX nr. 18.

Bøndenes bruttoformue og gjeld 1940, 1944 og 1946 X nr. 183.

Føreord

Dette heftet inneholder resultata frå ei representativ teljing pr. 20. juni 1958. I Statistiske meldinger nr. 12, 1958, gav Byrået ei førebels melding om desse resultata. Omframt oppgåver over areal og husdyrhald, vart det òg innhenta oppgåver over eigedomstilhøve og brukarskifte. Arbeidet med desse oppgåvene er ennå ikkje ferdig.

I dette heftet er det elles teki med opplysningar om avlingane i jordbruk og hagebruk, prisar på produkt og produksjonsmiddel m. m. Dessutan er det eit oversyn over verksamheten til Jordskifteverket og fjøskontrollen.

Konsulent Alfred Gustafson har stått for arbeidet med statistikken og utarbeidd manuskriptet.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 26. mai 1959.

Petter Jakob Bjerve.

Arne L. Aaseth.

Innhald

	Side
Oversyn.	7
Det statistiske materialet	7
Areala	7
Maskinar og reiskapar	11
Jordskifte	12
Avlinga: jordbruket og hagebruket	12
Bruken av kunstgjødsel og kraftfør	19
Husdyrhaldet	22
Fjøskontrollen	26
Husdyrprodukta	27
Lønene i jordbruket 1958–59	32
Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel m. m.	36
 Tabellar.	
I. Jordbruksarealet 1958. Dekar	52
II. Husdyrhaldet pr. 20. juni 1958	54
III. Avlinga i jordbruket 1958	56
IV. Avlinga i hagebruket 1958	61
V. Utsæde, avl, innførsle m. m. av korn og poteter	64
VI. Jordskifte 1859–1957	66
VII. Oppgåver frå fjøskontroll-laga 1905–1958	67
VIII. Lønene i jordbruket. Menn	68
IX. Lønene i jordbruket. Kvinner	70
X. Lønene i jordbruket 1958–59 jamførde med 1957–58 og 1948–49	72
 Vedlegg.	
Rundskriv og skjema	74

Contents

	Page
General survey.	
The statistical material	7
Area	7
Machinery and equipment	11
Redistribution of intermixed holdings	12
Crop: agriculture and horticulture	12
Use of commercial fertilizers and feedstuff	19
Number of domestic animals	22
Milk recording	26
Livestock products	27
Wages in agriculture 1958–59	32
Prices for agricultural products, producer goods, etc.	36
 Tables.	
I. Agricultural area in 1958. Decares	52
II. Number of domestic animals, June 20, 1958	54
III. Agricultural production in 1958	56
IV. Horticultural production in 1958	61
V. Seed sown, production, imports, a.s.o. of grains and potatoes	64
VI. Redistribution of intermixed holdings 1859–1957	66
VII. Milk recording associations 1905–1958	67
VIII. Wages in agriculture. Men	68
IX. Wages in agriculture. Women	70
X. Wages in agriculture 1958–59 compared with 1957–58 and 1948–49	72
 Appendices.	
Circulars and questionaries	74

Oversyn

Det statistiske materialet.

Den representative jordbrukssteljinga pr. 20. juni 1958 er gjennomført på same måten som i åra 1946—1948 og 1950—1957. Teljinga skulle femna over ca. 10 prosent av bruken med over 5 dekar jordbruksareal. I utvalet var alle herad og bruksklassar representerte i høve til talet på bruk, men med tilfelleleg utval innan kvar bruksklasse. Sjå elles «Jordbruksstatistikk 1950».

Utrekningane for 1958 byggjer på oppgåver frå 21 770 bruk. Dette svarar til 10,20 prosent av alle bruken med over 5 dekar jordbruksareal i 1949. Jordbruksarealet ved dei bruken som var med i teljinga, var 1 058 000 dekar i 1949. Det svarar til 10,31 prosent av jordbruksarealet ved alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal. Bruken mellom 20 og 100 dekar er etter måten litt sterkare representerte enn dei andre bruksgruppene.

På grunnlag av dei prosentvise brigde i areal og husdyrhald frå 1949 til 1958 ved dei bruken som er med i teljinga, har ein rekna ut arealet og talet på husdyr i dei einskilde fylke. Jeløy er rekna saman med bygdene i Østfold, Aker er rekna med i Akershus, og det tidlegare Skåre herad er rekna med i Rogaland.

Skjema og rettleiing for teljinga er prenta som vedlegg bak i boka.

Areala.

Tabell 1 gjev eit oversyn over åker- og hagearealalet.

Tabell 1. Åker- og hageareal. Bygdene i alt.

	Korn og erter	Poteter	Rot- vokstrar	Grøn- saker	Annan åker og hage	Aker og hage i alt
a) Dekar.						
1939	1 836 741	506 927	225 434	52 787	323 779	2 945 668
1949	1 520 089	582 410	154 379	43 012	401 123	2 701 013
1950	1 567 693	589 605	166 080	47 572	346 808	2 717 758
1951	1 613 629	585 166	165 797	52 526	365 395	2 782 513
1952	1 688 710	579 473	164 783	62 328	361 894	2 857 188
1953	1 744 361	561 483	173 268	64 467	363 599	2 907 178
1954	1 871 034	545 342	166 486	48 632	382 005	3 013 499
1955	1 913 490	561 155	155 638	59 848	406 636	3 096 767
1956	1 992 500	581 455	155 943	65 336	395 174	3 190 408
1957	2 125 660	551 964	152 039	58 565	397 382	3 285 610
1958	2 120 097	534 418	158 503	55 910	434 362	3 303 290
b) Relative tal. 1949 = 100.						
1939	120,8	87,0	146,0	122,7	80,7	109,1
1949	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
1950	103,1	101,2	107,6	110,6	86,5	100,6
1951	106,2	100,5	107,4	122,1	91,1	103,0
1952	111,1	99,5	106,7	144,9	90,2	105,8
1953	114,8	96,4	112,2	149,9	90,6	107,6
1954	123,1	93,6	107,8	113,1	95,2	111,6
1955	125,9	96,4	100,8	139,1	101,4	114,7
1956	131,1	99,8	101,0	151,9	98,5	118,1
1957	139,8	94,8	98,5	136,2	99,1	121,6
1958	139,5	91,8	102,7	130,0	108,3	122,3

Sidan 1949 har arealet auka frå år til år, og var i 1958 meir enn 20 prosent større enn i 1949 og om lag 12 prosent større enn i 1939.

Tabell 2 har meir detaljerte arealoppgåver for 1949, 1957 og 1958. Tabell I bak i boka syner arealet i 1958 fylkesvis for dei einskilde vokstrane.

Tabell 2. Bruken av arealet i 1958 samanlikna med 1949 og 1957.

	Arealet i dekar			Brigde 1949–58		Brigde 1957–58		
	1949	1957	1958	I dekar	I pct.	I dekar	I pct.	
Haustkveite	7 133	19 005	11 461	+ 4 328	+ 60,7	7 544	— 39,7	
Vårkveite	301 142	121 657	68 346	— 232 796	— 77,3	53 311	— 43,8	
Haustrug	5 634	3 339	3 684	— 1 950	+ 34,6	345	+ 10,3	
Vårrug	4 264	2 335	1 039	— 3 225	— 75,6	1 296	— 55,5	
Bygg	399 563	1 352 570	1 451 989	+ 105 2426	+ 263,4	99 419	+ 7,4	
Havre	758 499	605 256	565 443	— 193 056	— 25,5	39 813	— 6,6	
Blandkorn	38 982	18 362	16 757	— 22 225	— 57,0	1 605	— 8,7	
Erter	4 872	3 136	1 378	— 3 494	— 71,7	1 758	— 56,1	
Korn og erter i alt	1 520 089	2 125 660	2 120 097	+ 600 008	+ 39,5	5 563	— 0,3	
Grønför	163 607	118 558	117 911	— 45 696	— 27,9	647	— 0,5	
Poteter	582 410	551 964	534 418	— 47 992	— 8,2	17 546	— 3,2	
Förneppe	47 453	37 172	38 162	— 9 291	+ 19,6	990	+ 2,7	
Kålrot	71 802	80 242	82 800	+ 10 998	+ 15,3	2 558	+ 3,2	
Förbete	23 861	14 393	14 303	— 9 558	— 40,1	90	— 0,6	
Förmergkål	11 263	20 232	23 238	+ 11 975	+ 106,3	3 006	+ 14,9	
Grønsaker	43 012	58 565	55 910	+ 12 898	+ 30,0	2 655	+ 4,5	
Andre vokstrar på åker og i hage ¹	199 338	219 471	219 665	+ 20 327	+ 10,2	194	+ 0,1	
Brakk	38 178	59 353	96 786	+ 58 608	+ 153,5	37 433	+ 63,1	
I alt åker og hage	2 701 013	3 285 610	3 303 290	+ 602 277	+ 22,3	17 680	+ 0,5	
Eng til slått {	Eng på dyr- ka jord	4 864 775	4 435 406	4 431 158	— 433 617	8,9	4 248	+ 0,1
	Natureng på innmark	1 097 301	795 708	759 166	— 338 135	30,8	36 542	— 4,6
	Sæterlykkj. Utslätter	153 033	109 317	104 193	— 48 840	31,9	5 124	— 4,7
	Eng til beite {	225 430	70 902	59 385	— 166 045	73,7	11 517	— 16,2
	på dyrka jord	298 487	362 359	389 872	+ 91 385	+ 30,6	27 513	+ 7,6
	på natureng	362 137	372 101	365 341	+ 3 204	+ 0,9	6 760	— 1,8
	Kul- tur- beite {	258 997	271 995	267 799	+ 8 802	+ 3,4	4 196	— 1,5
	på overfl- dyrka jord	494 458	615 389	627 679	+ 133 221	+ 26,9	12 290	+ 2,0
I alt jordbruksareal	10 455 631	10 318 787	10 307 883	— 147 748	— 1,4	10 904	— 0,1	
Av dette:								
Dyrka jord	8 123 272	8 355 370	8 392 119	+ 268 847	+ 3,3	36 749	+ 0,4	
Innmark	10 077 168	10 138 568	10 144 305	+ 67 137	+ 0,7	5 737	+ 0,1	

¹ Jordbær og bringebær rekna med.

Korndyrkinga har i fleire år auka mykje, men i 1958 var samla kornareal om lag som året før. Fleire fylke hadde mindre kornareal i 1958 enn i 1957. Sidan 1949 har kornarealet auka med 600 000 dekar eller om lag 40 prosent. Dei fleste fylka på Austlandet har ein auke på 40—50 prosent. Det var noko mindre auke i

Rogaland og Trøndelag. Elles var det for det meste sterkt nedgang i korndyrkinga sidan 1949. I 1958 var det nedgang for kveite, rug, havre og blandkorn. Arealet til kveite minka med 43 prosent siste året og i alt 74 prosent sidan 1949. Havrearealet gjekk ned med 7 prosent frå året før og 25 prosent sidan 1949. Bygg-arealet har auka sterkt i fleire år, siste året med vel 7 prosent, og arealet var då bortimot firedobla sidan 1949. Det var auke i dei fleste kornstroka siste året, men det var noko nedgang i byggarealet i Hedmark, Oppland og Rogaland frå året før.

Potetarealet gjekk ned med 18000 dekar eller ca. 3 prosent i 1958. Dei fleste fylka viste noko nedgang. Sidan 1949 har potetarealet gått ned med 8 prosent.

Arealet av rotvokstrar og fôrmergkål auka i alt med vel 6000 dekar eller 4 prosent frå året før. Samla areal var om lag som i 1949, men det var meir av kålrot og fôrmergkål og mindre av fôrnepe og fôrbete.

Tabell 3. Åker- og hagearealet i 1958 i høve til 1949 og 1957.

	Korn og erter	Poteter	Rot- vokstrar	Annan åker og hage	Åker og hage i alt
a) Relative tal. 1949 = 100.					
Østfold	151,3	79,8	93,9	119,6	134,4
Akershus	143,2	75,0	97,0	99,6	124,8
Hedmark	153,8	84,1	89,0	110,7	130,9
Oppland	123,9	99,9	91,0	109,8	116,2
Buskerud	149,6	80,3	83,1	136,0	133,9
Vestfold	174,6	89,2	90,0	115,0	143,9
Telemark	142,1	83,4	88,7	143,1	124,5
Aust-Agder	110,4	89,6	147,5	116,3	107,3
Vest-Agder	58,6	86,1	157,4	78,8	77,1
Rogaland	130,6	96,1	139,0	119,2	119,1
Hordaland	36,0	84,3	159,3	119,8	97,6
Sogn og Fjordane	20,1	100,1	175,2	112,5	94,6
Møre og Romsdal	90,9	96,7	148,3	109,7	101,3
Sør-Trøndelag	113,0	105,1	88,6	100,7	108,6
Nord-Trøndelag	135,2	118,6	88,3	98,0	125,3
Nordland	71,2	95,7	63,4	84,9	87,7
Troms	19,1	99,2	88,5	83,3	90,3
Finnmark	-	99,0	-	73,0	80,0
Bygdene i alt	139,5	91,8	102,7	110,4	122,3
b) Relative tal. 1957 = 100.					
Østfold	105,2	97,9	118,9	102,1	104,7
Akershus	97,8	93,1	105,2	117,9	99,8
Hedmark	98,9	98,8	103,7	124,1	101,4
Oppland	94,6	100,6	114,7	125,1	99,1
Buskerud	105,6	94,8	93,0	109,1	104,9
Vestfold	101,5	99,3	101,7	112,6	102,4
Telemark	96,3	94,8	93,5	112,8	99,6
Aust-Agder	94,2	98,8	93,5	90,6	94,2
Vest-Agder	83,8	95,1	105,7	79,2	87,7
Rogaland	96,2	95,9	102,8	96,8	97,3
Hordaland	77,6	93,5	95,4	100,2	96,4
Sogn og Fjordane	70,4	97,1	95,3	97,6	95,8
Møre og Romsdal	98,3	94,0	106,1	105,3	99,2
Sør-Trøndelag	98,1	95,7	101,9	87,5	96,6
Nord-Trøndelag	102,3	96,7	103,0	112,0	101,8
Nordland	84,0	95,5	119,2	106,1	98,1
Troms	109,4	97,6	82,9	87,5	93,3
Finnmark	-	115,3	-	114,6	114,8
Bygdene i alt	99,7	96,8	104,3	107,5	100,5

Grønsakarealet gjekk noko ned i 1958 frå året før, men det var likevel 30 prosent større enn i 1949.

Det låg etter måten mykje åker brakk i 1958, serleg på Austlandet.

Samla areal til åker og hage var litt større i 1958 enn året før. Eng til slått gjekk framleis tilbake. Serleg gjeld dette natureng og utslätter. Areala i alt til beite har framleis auka.

Sidan 1949 har det vori store endringar i bruken av jordbruksarealet. Åker og hage har auka med 600 000 dekar, beite på innmark har auka med 237 000 dekar, medan slåtteng på innmark har gått tilbake med om lag 770 000 dekar. Det var lite endring i samla innmarksareal, men det var meir fulldyrka jord i 1958 enn i 1949. Sæterlykkjer og utslätter har gått ned med om lag 215 000 dekar. Samla jordbruksareal var såleis noko mindre i 1958 enn i 1949.

Tabell 3 syner brigda fylkesvis for korn og erter i alt, for poteter, rotvokstrar, annan åker og hage og for samla åker- og hageareal. Tabellen syner at auken i korndyrkinga frå 1949 har vori størst på Austlandet. Potetdyrkinga har auka i Trøndelag. Dyrkinga av rotvokstrar har auka i Agder og på Vestlandet. Samla åker- og hageareal har auka i dei fleste fylka utanom Vest-Agder og Nord-Noreg.

Oppgåvene i tabell 4 og 5 (frå Landbruksdepartementet) syner kor store areal som er *nydyrka* (fulldyrka) og *overfatedyrka*, og kor mykje tidlegare dyrka jord som er *grøfta* ved hjelp av tilskot og lån i åra 1949—1957.

Tabell 4. Dyrking og grøfting med tilskot
og lån 1949—1957.

	Fulldyrka	Overfatedyrka	Grøfting av tidlegare dyrka jord
	Dekar	Dekar	Dekar
1949	32 732	19 403	17 915
1950	34 831	27 597	19 626
1951	30 823	26 637	15 217
1952	33 043	26 055	19 280
1953	47 732	30 148	47 976
1954	56 212	29 816	64 400
1955	60 911	28 187	90 376
1956	73 784	28 492	93 108
1957	77 992	28 986	76 410

Fulldyrka areal har auka sterkt for kvart år sidan 1952. I 1957 vart det full-dyrka 78 000 dekar. Samla nydyrking med stønad var i dei 9 åra 1949 til 1957 448 000 dekar. Av dette var nesten halvparten dyrka nordafjells, elles er det dyrka mykje på Vestlandet, mest i Møre og Romsdal. Agder og Austlandet har heller lite nydyrking, med unnatak av Hedmark og Oppland som tilsaman har nydyrka 117 400 dekar i desse 9 åra.

Til overfatedyrkinga får ein stønad berre dersom slik dyrking er meir tenleg enn fulldyrking. Overfatedyrking er det mest av på Vestlandet og nordafjells og i Oppland fylke. Grøfting med statsstønad er det mest av på Austlandet.

Reglane for tilskot til dyrking og grøfting har variert ein del sidan 1949. Dette har òg verka på omfanget av slikt arbeid. Sjå meir om dette side 49.

Tabell 5. Dyrking og grøfting med tilskot og lån. Fylkesvis.

	Fulldyrka		Overflatedyrka		Grøfting av tidlegare dyrka jord	
	1949-57	1957	1949-57	1957	1949-57	1957
	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar
Østfold	3 656	839	706	50	98 525	17 594
Akershus	9 717	1 470	612	175	43 011	7 059
Hedmark	71 071	8 777	5 429	388	63 140	5 571
Oppland	46 317	10 151	16 042	1 691	28 969	3 586
Buskerud	9 028	1 675	6 668	593	16 429	3 655
Vestfold	4 064	872	724	—	64 688	13 280
Telemark	6 648	1 007	10 658	398	14 487	2 937
Aust-Agder	4 307	612	2 693	173	8 765	1 137
Vest-Agder	8 560	1 283	10 201	667	5 782	899
Rogaland	19 255	4 834	34 994	5 223	10 614	2 484
Hordaland	14 260	2 431	27 869	3 732	5 127	870
Sogn og Fjordane ..	16 706	2 085	34 588	3 264	2 708	446
Møre og Romsdal ..	30 225	5 324	26 462	2 380	10 978	2 289
Sør-Trøndelag	28 751	5 129	15 200	1 837	16 291	3 239
Nord-Trøndelag ..	34 842	6 980	10 423	1 040	29 107	5 576
Nordland	57 650	9 663	24 217	3 937	15 867	3 250
Troms	47 262	7 304	16 348	3 106	6 245	1 429
Finnmark	35 739	7 556	1 487	332	3 575	1 109
Bygdene i alt	448 058	77 992	245 321	28 986	444 308	76 410

Maskinar og reiskapar.

Fullstendige oppgåver over maskinar og reiskapar i jordbrukssteljinga i 1949. Statistikken over produksjon og innførsle av landbruksmaskinar syner at mekaniseringa i jordbrukssteljinga har auka mykje sidan 1949 og framleis held ved. Hausten 1958 var det om lag 48 000 traktorar i jord- og skogbruk. Av desse var ca. 8 000 2-hjuls traktorar. Vidare reknar ein med at det var om lag 3 700 skurdtreskjarar og 40 000 mjølkemaskinanlegg. Tabell 6 syner innførsla dei siste åra.

Tabell 6. Innførsle av landbruksmaskinar. Stk.

	1953	1954	1955	1956	1957	1958
Traktorar for jord- og skogbruk i alt	5 154	7 457	6 562	5 730	7 532	7 279
Av desse: med 2 hjul	5 079	861	1 008	1 300	2 003	2 674
» 3-4 hjul		6 536	5 521	4 400	5 484	4 561
» belte	75	60	33	30	45	44
Gjødselspreiarar	200	434	337	627	659
Såmaskinar for hest og traktor		478	684	480	746	472
Slåmaskinar for hest		661	472	273	177	88
Slåtteutstyr for traktor	2 303	2 180	4 148	3 438	4 665	3 874
Sjølvbindarar		233	123	245	224	232
Skurdtreskjarar	551	728	473	800	592
Potetopptakarar	215	268	254	235	175
Treskjeverk	207	64	32	17	22	13
Motordrivne frukttersprøyter	88	105	126	448	327	820
Mjølkemaskinar	2 474	3 105	2 162	2 115	1 380	487
Separatorar	400	348	303	246	270	256

I 1958 var det framleis stor innførsle av traktorar. Talet på 2-hjuls traktorar auka frå året før. Samla verde av innførde maskinar m. v. til jordbruk og skogbruk var i 1957 93 mill. kroner og i 1958 84,5 mill. kroner.

I tabell 7 er det gjevi eit oversyn over den innanlandske produksjonen av sume maskinar og reiskapar etter industristatistikken. Det meste går til norsk jordbruk, ein liten del til utførsle. Tabellen syner at produksjon av reiskapar for traktor har auka sterkt sidan 1951.

Tabell 7. Innanlandsk produksjon av maskinar og reiskapar til landbruket. Stk.

	1951	1952	1953	1954	1955	1956	1957
Vanlege plogar for hest	1 861	1 999	578	439	459	635	600
Vanlege plogar for traktor	2 892	2 303	3 578	5 136	5 762	5 612	4 861
Horver for hest	4 343	3 156	1 981	1 864	1 988	1 008	1 137
Traktorhorver	852	1 159	1 871	3 034	4 353	4 201	4 183
Hestehakker	813	772	532	535	634	396	350
Radreinskarar for hest	2 435	1 462	1 030	722	559	395	319
Radreinskarar for traktor	828	477	473	1 046
Naturgjødselspreiarar	634	716	455	463	665	835	824
Kunstgjødselspreiarar	1 289	1 652	1 649	1 404	1 218	1 273	1 025
Sleperiver	6 638	3 543	2 866	2 382	2 334	1 321	1 049
Potetopptakarar for hest	1 251	907	835	717	550	525	271
Potetopptakarar for traktor	140	530	896	939	1 060
Potetplogar for hest	1 489	1 455	1 222	1 038	630	216	262
Potetsorterarar	655	590	371	394	464	452	252
Hakkemaskinar	406	326	137	116	93	28	161
Treskjeverk	453	257	255	262	185	165	109
Rotrasparar og rotskjeremaskinar	877	635	1 294	1 122	1 122	896	955
Frukttre- og ugrassprøyter	1 754	1 259	1 168	1 334	1 617	3 019	4 321

Etter oppgåver frå Driftskredittkassen for jordbruket var det i drift 2715 maskinstasjonar sumaren 1958. Dei hadde m. a. 3 689 traktorar, 178 bulldozarar, 3 300 plogar, 3 600 horver, 1 741 slåmaskinar og 282 skurdtreskjurar.

Jordskifte.

I tabell VI bak i boka er det teki inn nokre oppgåver over Jordskifteverket si verksemd i tida 1859—1957.

I denne tida er det slutta av ca. 32 000 jordskiftesaker med 214 000 lotteigarar. Det arealet som er skifta, svarar til 36 573 km². Av dette er 4 516 km² innmark og 32 057 km² utmark. Dette gjeld areal som jamnast er oppmålt og kartlagt. Noko jord blir skifta utan oppmåling og kart — i 1957 såleis 17 500 dekar.

I tida 1859—1957 har det vori i alt 7 203 overjordskiftesaker.

Avlinga.

Fylgjande utrekningar går inn under den offisielle avlingsstatistikken:

I. For kvar månad i mai—september sender landbruksdirektøren ut ei melding om avlingsvонene for dei ymse jordbruks- og hagebruksvokstrar. Ved utgangen av september blir det gjort ei førebels utrekning av avlingsmengda. I

1957 og 1958 vart innhaustinga seinka på grunn av dårleg bergingsvêr. Avlinga vart difor først rekna ut ved utgangen av oktober.

II. Avlingsresultata for jordbruksvokstrane blir til slutt rekna ut av Byrået på grunnlag av oppgåver fra jordstyra i dei einskilde herad (frå og med 1925).

III. På grunnlag av oppgåver fra hagebruksfunksjonærane reknar Byrået ut avlinga frå hagebruket (frå og med 1933).

I Statistiske meldinger nr. 12, 1958, gav Byrået eit førebels oversyn over avlingane i Noreg i 1958 på grunnlag av meldingane frå landbruksdirektøren. Melding om hagebruksavlinga — på grunnlag av oppgåvene frå hagebruksfunksjonærane — vart send ut som pressemelding 1. november 1958. Dessutan er det gjevi eit oversyn i Statistiske meldinger nr. 12, 1958. Meldingar om avlinga av jordbruksvokstrane, rekna ut på grunnlag av oppgåvene frå jordstyra, er tekne inn i Statistiske meldinger nr. 1, 2 og 3 for 1959.

a) Jordbruket.

Tabell 8 syner avlingane i tonn og i prosent av medelsår for åra 1956—1958.

Tabell 8. Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar i 1958
samanlikna med 1957 og 1956.

	Avling i tonn			Avling pr. dekar i prosent av medelsåret		
	1956	1957	1958	1956	1957	1958
Korn og erter	545 446	487 494	489 269	105,1	86,4	87,2
Poteter	1 392 375	1 010 035	1 201 678	104,0	79,6	98,0
Förnepe	166 418	166 007	166 951	86,1	89,5	88,6
Kålrot	378 215	346 124	382 754	99,2	90,9	95,8
Förbete	78 136	61 116	70 575	90,7	82,3	93,7
Förm ergkål	100 761	103 604	123 306	98,0	91,0	97,2
Høy	2 858 577	3 061 657	2 751 560	97,6	105,3	93,5
Halm	666 794	623 437	584 334	106,5	94,3	90,8
Grønför (tørt)	59 878	65 805	62 470	97,1	99,4	96,0
I alt 1000 f.e.	2 229 684	2 162 574	2 080 872	100,6	96,2	92,4

Ved omrekninga til føreiningar har ein rekna: 1 f.e. = 1 kg kveite, rug, bygg og erter, 1,2 kg havre, 1,1 kg blandkorn, 4,5 kg poteter, 9 kg kålrot, förbete og förm ergkål, 12 kg förnepe, 2,5 kg høy, 4,1 kg halm og 2,5 kg tørt grønför. Desse omrekningsfaktorane er nytta for alle år, utan omsyn til kvaliteten av avlinga. Beita er ikkje med i den avlingsmengda som tabellen syner. I 1949 vart det rekna med om lag 850 mill. føreiningar frå beite. Ein reknar med at talet har minka til om lag 750 mill. i dei seinaste åra.

Når ein skal døme om prosenttala i høve til medelsåret, må ein vera merksam på at nemninga «medelsår» gjeld den avlingsmengd ein reknar med å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko serleg som skiplar avlingsvònene. Det er berre den mest årsikre voksteren, høyet, som gjennom ei lengre årrekke kjem opp i om lag 100 prosent av medelsårsavling. For åkervokstrane ligg medelsprosentane for åra etter 1900 mellom 88 og 92 prosent, og for samla avling på 95 prosent.

Tabell 9 gjev meir detaljerte oppgåver over avlinga i 1958. Tabell III bak i boka viser avlinga i dei einskilde fylke.

Tabell 9. Avlinga av dei einskilde jordbruksvokstrar i 1958.

	Areal i 1958 dekar	Avling i kg pr. dekar	Samla avling i 1958		Prosent av medels- år	Kvali- tet ¹
			Tonn	1000 f.e.		
Haustkveite	11 461	246,3	2 822	2 822	88,5	3,3
Vårkveite	68 346	204,8	14 000	14 000	82,9	3,1
Hastrug	3 684	227,1	837	837	85,8	3,2
Vårrug	1 039	196,8	205	205	90,1	3,4
Bygg	1 451 989	234,2	340 065	340 065	87,8	3,4
Havre	565 443	225,0	127 200	106 000	86,1	3,2
Blandkorn	16 757	231,4	3 878	3 525	86,6	3,1
Erter	1 378	190,0	262	262	80,0	3,1
Korn og erter i alt	2 120 097	230,8	489 269	467 716	87,2	3,3
Poteter	534 418	2 248,6	1 201 678	267 040	98,0	3,7
Förnepe	38 162	4374,8	166 951	13 913	88,6	3,9
Kålrot	82 800	4 622,6	382 754	42 528	95,8	3,7
Förbete	14 303	4 934,3	70 575	7 842	93,7	4,1
Förmergkål	23 238	5 306,2	123 306	13 701	97,2	4,2
Grønför (tørt)	117 911	529,8	62 470	24 988	96,0	3,7
Høy eng på dyrka jord	4 431 158	553,6	2 453 254	981 302	93,7	3,9
Høy natureng på innmark frå sæterlykkjer	759 166	340,1	258 166	103 266	92,8	3,6
utslätter	104 193	278,0	28 970	11 588	84,4	3,7
Halm	59 385	188,1	11 170	4 468	91,1	3,5
I alt 1000 f.e.	2 120 097	275,6	584 334	142 520	90,8	3,3
				2 080 872	92,4	

¹ Kvalitetsgradering: 5 = sers god, 4 = mykje god, 3 = god, 2 = mindre god, 1 = därleg.

Vinteren 1957—58 var etter årsskiftet heller streng over heile landet. Det var mykje snø i Agder og i Trøndelag. Våren var kald, snøen låg lenge, og det var mange stader djup tele som heldt seg lenge i jorda. Våronna vart difor seinka med om lag 1—3 veker. Serleg i leirjordsbygdene var jordarbeidina vanskeleg.

Det var framleis heller kaldt vår i juni, og sume stader noko tørt. Ved månads-skiftet og dei fyrste dagane i juli var det varmt, drivande vær med nok nedbør. Seinare var det noko skiftande temperatur og nedbør, men sume stader heller kjølig og vel mykje regn. Frå sist i august til ut i september var det godvær over heile Sør-Noreg.

Frå slutten av september og ut i oktober var det kaldt og mykje regn over Austlandet, i Agder og på Jæren. Innhaustinga vart mykje seinka, og det var flaumskade i ymse strøk, serleg i Vestfold og nedre Telemark. Frå midt i oktober vart det klærvær, og det meste av avlinga var i hus sist i månaden. Andre stader i landet var det bra vær og jamt over gode tilhøve for haustarbeidet. Det var lite frost i Nord-Noreg.

På grunn av den seine våren var vonene for årsveksten frå fyrst av heller därlege. Godvårsbolkane retta mykje på dette, men alt i alt vart det under medelsårs avl frå både eng og åker i 1958, og kvalitetene vart sett mykje ned i store delar av landet.

Samla avling (utanom beita) er utrekna til 2081 mill. føreiningar i 1958 mot 2163 mill. i 1957. Avlinga i 1958 var 92 prosent av eit medelsår mot 96 prosent året før. Utviklinga når det gjeld dyrkingsteknikk m. m., har ført til større avlingar av dei einskilde vokstrar. Kravet til eit medelsår har difor øg auka. Brigde i bruken av arealet har verka i same leid, t. d. auken i arealet av åkervokstrar

og nedgang i arealet av natureng. Når det gjeld samla avling, vart medelsåret rekna til 205 f.e. pr. dekar i 1939, 232 f.e. i 1949 og 272 f.e. i 1958.

Tabell 10 viser samla avling i føreiningar fylkesvis, og tabell III bak i boka har oppgåver fylkesvis for dei ymse vokstrane i 1958.

Tabell 10. Avlinga i jordbruket rekna i 1000 f.e.

	Avling i 1000 f.e.					I prosent av medelsår			
	1936– 1940 ¹	1955	1956	1957	1958	1955	1956	1957	1958
Ostfold	146 438	103 377	204 348	171 842	175 362	60,4	115,1	96,4	94,6
Akershus	171 619	119 570	210 037	177 907	173 120	64,3	110,7	92,3	92,2
Hedmark	192 612	187 243	249 158	216 799	221 863	79,3	102,3	86,4	90,9
Oppland	170 604	157 271	217 059	213 589	199 121	74,6	101,2	98,4	92,7
Buskerud	96 736	72 635	116 112	114 492	103 316	68,0	107,0	102,3	90,2
Vestfold	100 250	74 138	135 384	121 787	109 519	61,9	112,7	97,7	86,1
Telemark	62 067	46 284	65 986	64 210	58 433	71,8	101,0	98,7	90,9
Aust-Agder	31 630	24 380	33 230	32 774	30 872	76,8	98,6	98,0	92,7
Vest-Agder	39 591	34 827	42 337	44 424	37 327	79,9	101,7	104,7	88,1
Rogaland	105 719	123 025	144 733	135 296	136 169	90,4	102,4	94,4	94,9
Hordaland	85 756	86 074	95 309	100 351	90 668	86,7	99,6	103,8	92,0
Sogn og Fjordane	73 749	79 018	92 660	101 695	87 761	81,7	96,5	107,1	89,2
Møre og Romsdal	103 019	112 801	117 375	125 727	122 548	86,4	92,5	98,0	93,7
Sør-Trøndelag ..	140 667	145 753	140 563	155 097	152 682	90,4	87,2	95,1	93,6
Nord-Trøndelag .	133 638	155 834	146 094	165 832	162 045	95,9	85,9	95,8	94,3
Nordland	106 447	111 896	127 583	126 187	125 598	84,5	96,7	94,7	92,9
Troms	49 184	67 462	73 524	74 197	75 884	83,6	92,9	93,1	96,2
Finnmark	9 114	16 102	18 192	20 368	18 584	84,4	93,4	104,5	101,4
Bygdene i alt ...	1 818 840	1 717 690	2 229 684	2 162 574	2 080 872	78,5	100,6	96,2	92,4

¹ Utan grønfôr, fôrbeter og fôrmergkål.

I sume luter av landet var 1958 ikkje noko lageleg kornår. Kornet spirde seint og ujamt, og det vart øg sein og ujamn mognin. Regnvêret siste i september seinka skurdonna, slik at mykje korn vart seint skore. Det vart til dels mykje spill, grodde korn og annan skade på avlinga.

Samla avling av korn og erter var om lag som året før, 489 000 tonn mot 487 000 tonn i 1957. Medelavling pr. dekar var 231 kg i 1958, rekna til 87 prosent av eit medelsår, mot 229 kg og 86 prosent i 1957.

Vårkveite gav serleg små avlingar i Buskerud, Vestfold, Telemark og Agder. Austlandet elles fekk 80—90 prosent av medelsårsavl, Rogaland og Nord-Trøndelag 95 prosent. Haustkveite slo noko betre til. Arealet til kveite gjekk mykje tilbake i 1958, og samla avling av kveite vart om lag 16 800 tonn, den minste kveiteavlinga sidan 1930-åra. Rug er det framleis dyrka lite av, og samla avling i 1958 vart om lag 1 000 tonn.

For heile landet gav bygget 234 kg pr. dekar eller knapt 88 prosent av medelsår. Grunna stor auke i arealet vart samla byggavling likevel større enn nokon gong før, nemlig i alt 340 000 tonn.

Havren gav 225 kg pr. dekar i gjennomsnitt for heile landet eller vel 86 prosent av medelsår. Samla havreavling var 127 000 tonn.

Både for bygg og havre vart avlinga lægst i Buskerud, Vestfold, Telemark og Agderfylka, med frå 70 til 80 prosent av medelsår. For havre berre 67 prosent i Telemark. Austlandet elles fekk om lag 90 prosent. Vestlandet og Trøndelag hadde for bygg og havre frå 91 til 97 prosent av medelsår, med høgste talet for

bygg i Sør-Trøndelag. Innan dei einskilde fylka var det svært ujamne avlingar. Det var såleis mange bygder på Vestlandet og i Trøndelag med full medelsårs byggavling i 1958.

Blandkorn gav 231 kg pr. dekar og 87 prosent av medelsårs avl. Erter til mognin er lite dyrka. Både areal og avling er noko uviss.

Kvaliteten av kornet varierte mykje i 1958. Det var jamt over låge kvalitetstal på Austlandet og i Agder, noko høgre på Vestlandet og i Trøndelag.

Halmavlinga i 1958 varierte også mykje i mengd og kvalitet. Gjennomsnitt for landet var 276 kg pr. dekar, 91 prosent av medelsårs avl. Mykje halm blir brend eller pløgd ned, men mykje blir også nytta til luting og får såleis auka fôrverde.

Potetavlinga i 1958 er utrekna til 1202000 tonn, som er 192000 tonn meir enn i 1957. Avling pr. dekar var 2249 kg eller 98 prosent av eit medelsår, mot 1830 kg og 80 prosent året før.

Austlandet, Vestlandet og Sør-Trøndelag fylke fekk om lag medelsårsavl. Nord-Trøndelag og Nord-Noreg fekk noko mindre avlingar. Serleg var det små potetavlingar i Nordland og Finnmark. I Agderfylka var det også etter måten små potetavlingar. Det var åtak av tørr-røt over det meste av landet, men i skiftande grad. Det var lite tørr-røt i Nord-Noreg og ymse strok av Trøndelag og Vestlandet. Åtak synte seg ofte på knollane først ei tid etter opptakinga. Ein kunne difor venta at det vart store lagersvinn om vinteren, men etterrøknader våren 1959 synte at det var matpotet nok på lager.

Rotvokstrane gav ei samla avling på 744000 tonn i 1958 mot 677000 tonn året før. Det var relativt små avlingar i Trøndelag og Nord-Noreg. Elles i landet fekk dei fleste fylka mellom 90 og 100 prosent av medelsårsavl. Førnepe som er mest dyrka i Trøndelag, gav 89 prosent av medelsårsavl for landet under eitt. Kålrot gav 96, forbete 94 og förm ergkålen 97 prosent av eit medelsår. Mange stader var det åtak av skadeinsekt på rotvokstrane. Det var også klumprot på kålrota i sume strok. Grønføret gav etter måten jamne avlingar med 530 kg pr. dekar i gjennomsnitt for heile landet eller 96 prosent av eit medelsår.

Enga vart mykje seinka i veksten av den kalde, seine våren, og det vart i alt mindre enn medelsårs avl av høy. Samstundes var det nedgang i areala til slått, serleg for naturenga.

Samla høyavling vart 2752000 tonn i 1958 mot 3062000 tonn året før. Høyavlinga er rekna ut på grunnlag av heile engarealet til slått. Såleis er avling frå slåtteng der all slåtten er nytta til silo, også rekna med som høy.

Som gjennomsnitt for landet gav eng på dyrka jord 554 kg høy pr. dekar eller 94 prosent av eit medelsår. I 1957 var avlinga 611 kg og 106 prosent. Fylka sør-aust og nord i landet fekk jamt over fra 95 til noko meir enn 100 prosent av medelsårs avl. Hedmark, Oppland, Sør-Trøndelag og Vestlandsfylka fekk relativt noko mindre avling. Høyavlingane var stort sett jamne, men i sume strok vart avlinga sett mykje tilbake grunna skadar etter overvintringa og tørke tidleg på sumaren. Naturenga gav som gjennomsnitt for landet 93 prosent av eit medelsår og utslåttene 91 prosent. Sæterlykkjene gav små avlingar i 1958, serleg der dei låg høgt.

Det vart sein slåttonn nesten alle stader. I mange strok vart mykje høy hengjande lenge ute, og vart til dels mykje skadd av regnvêr. Ein reknar likevel med at storparten av høyet vart nokolunde godt berge, og i dei fleste fylka var kvaliteten av høyet mykje betre i 1958 enn året før.

Det milde, rå været på ettersumaren førde til god høyavling. Denne blir mykje nytta til silo og beite, som ikkje kjem med i utrekna høyemengd.

Tabell 11 gjev oversyn over avling pr. dekar av dei ymse vokstrar for heile landet under eitt i tida 1925—1958.

Tabell 11. Avling i kg pr. dekar.

	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Bland-korn	Po-teter	För-nepe	Kål-rot	Høy frå	
									eng på dyrka jord	natur- eng på innm.
1925–1929	171	173	187	187	197	1 777	3 985	3 509	422	222
1930–1934	167	177	189	186	191	1 800	3 920	3 652	417	230
1935–1939	202	194	206	219	224	1 736	3 920	3 561	459	226
1940–1944	167	174	182	177	199	1 709	3 759	3 282	398	217
1945–1949	199	190	218	209	229	1 879	3 765	3 202	494	275
1949	217	208	216	215	248	1 887	4 104	3 923	547	299
1950	209	214	237	231	250	1 892	4 270	4 166	578	314
1951	165	185	224	220	230	1 735	3 839	3 848	505	279
1952	193	214	231	201	231	2 049	4 206	4 199	550	310
1953	225	221	254	248	258	2 225	5 284	5 081	590	322
1954	205	219	240	228	245	2 072	4 756	4 188	595	339
1955	174	197	207	167	193	1 748	4 139	3 498	473	291
1956	269	270	274	275	288	2 395	4 237	4 683	563	343
1957	213	230	233	224	239	1 830	4 466	4 314	611	374
1958	211	221	234	225	231	2 249	4 375	4 623	554	340

b) Hagebruket.

Utrekningar over hagebruksavlinga er gjort for alle år frå og med 1933. Grunnlaget for utrekninga vart revidert i 1950. Tala for medelsårsavling vart då auka. Dette gjorde seg serleg gjeldande for frukt, der dyrkinga har gjort store framsteg i dei seinare år. Også for bær og grønsaker vart medelsårsavlinga auka noko. Dei avlingsmengdene ein har komi fram til ved utrekningane for 1950 og seinare år, kan ein difor ikkje utan vidare samanlikna med utrekningane frå åra før (sjå Jordbruksstatistikk 1950).

Utrekninga av grønsakavlinga gjeld som før berre hovudkulturane. Grønsakarealet i småhagar (kjøkenhagar) som ikkje er spesifisert for dei einskilde grønsakslag, er heller ikkje med i utrekninga. Slik spesifikasjon har ein heller ikkje for byane.

Dei grønsakareaala som er med i utrekninga, svara i 1949 til ca. 75 prosent av heile grønsakarealet. Om lag 23 prosent fall på «kjøkenhagane», og ca. 2 prosent var småkulturar som raudbete, nepe, salat o. a.

For frukt og bær derimot er utrekninga fullstendig, og tek også med byane.

Avlingsoppgåvene skal for alle voksterslag gjelda slik vare som ein kan rekna som godt brukande i hushaldet, eller som god torgvare ved sal. Under «kål» er rekna med dei ymse slag i høve til det arealet dei blir dyrka på i distriktet.

Av tomatane reknar ein med det som når mogning (også ved «ettermogning»). Av dei grøne tomatane tek ein med det som ein reknar blir nytta til sylting.

Heile kålrotavlinga blir i statistikken rekna med under jordbruksvokstrane. Til vanleg går det meste av kålrota til fôr, og ein har ikkje materiale som syner kor mykje det er som blir nytta til mat.

Tabell 12 viser utrekna avling i 1958 samanlikna med 1957.

Frukttre og bærbuskar vart noko skadd under overvintringa av toppfrost, snø og åtak av markmus. Bløminga vart seinka mykje av den seine våren, men det var rikare bløming enn vanleg med unnatak for plomer. I det kjølige våret var det lite insekt til pollineringa. Det var òg til dels mykje kartfall. Likevel var det fruktsetjing nok til å gjeva god avling av dei fleste fruktslaga. Nokre stader var det skader av lokale hagskurer og åtak av bladlus, men det var elles ikkje skadedyr og sjukdomar utanom det vanlege.

Tabell 12. Avlinga i hagebruket i 1958 samanlikna med 1957.

	Talet på tre og buskar, areal i dekar, m ² 1958		Medels-års-avling pr. eining Kg	Samla medels-års-avling Tonn	Avling i 1958 i pct. av medels-års-avling	Samla avling			
	I pct. av 1949	Utrekna abso-lutte tal				1957	1958		
							Tonn		
Trær:									
Eple, summar- og haust-	123,2	1 109 402	20	22 188	105,1	16 595	23 311		
» vinter-	139,4	2 020 580	20	40 412	112,3	28 307	45 384		
Pærer	115,2	414 641	22	9 122	116,7	6 673	10 641		
Plomer	124,4	924 801	16	14 797	82,0	9 562	12 132		
Kirsebær og morellar ..	106,4	390 607	12	4 687	97,5	3 574	4 572		
Frukt i alt						64 711	96 040		
Busker:									
Rips	112,0	1 870 374	6	11 222	97,4	11 667	10 932		
Stikkelsbær	118,6	1 131 338	4	4 525	99,6	4 595	4 509		
Solbær	137,3	1 882 289	3	5 647	94,0	5 673	5 309		
Dekar:									
Jordbær	121,0	11 510	500	5 755	89,3	5 472	5 137		
Bringebær	109,7	5 574	450	2 508	77,6	2 533	1 945		
Bær i alt						29 940	27 832		
Kål	134,8	20 646,6	3 200	66 069	95,7	71 296	63 207		
Gulrot	143,1	12 916,6	2 800	36 166	105,4	37 052	38 136		
Bønner	120,1	893,0	650	580	95,3	667	553		
Hageerter	179,4	3 292,5	650	2 140	99,8	2 766	2 135		
Matlauk	150,2	2 556,2	2 000	5 112	99,0	4 707	5 062		
Purre	140,8	868,6	2 500	2 172	107,4	2 333	2 331		
Selleri	124,4	627,1	1 500	941	99,4	849	935		
Persillerot	119,5	203,1	1 200	244	103,2	265	251		
Rabarbra	100,4	528,9	4 000	2 116	99,5	2 130	2 105		
Agurkar på friland ..	134,8	2 183,4	500	1 092	101,3	1 052	1 106		
Tomatar på friland ..	51,7	260,3	1 000	260	86,9	190	226		
Grønsaker på friland ..						123 307	116 047		
^{m²}									
Agurkar under glas ...	145,7	152 627	15	2 289	93,4	2 367	2 139		
Tomatar under glas ...	207,5	745 308	12	8 944	103,8	8 341	9 283		
Grønsaker under glas ..						10 708	11 422		

Fruktavlinga i 1958 er utrekna til 96000 tonn. Dette er noko meir enn i dei rike fruktåra 1956 og 1954, og er den største fruktavlinga som ein til no har hatt. I 1957 var avlinga 64700 tonn.

Epla gav jamt over store avlingar sørnafjells, 90—125 prosent av eit medelsår. Avlinga var etter måten mindre i Trøndelag og Nordland. Samla avl var 68700 tonn, og av dette var 23300 tonn summar- og hausteple og 45400 tonn vintereple. Det var serleg vinterepla som slo godt til, med 112 prosent av medelsårsavl. Mykke av sumarepla vart små, medan vinterfrukta vart stor og godt farga.

Pærene gav rekordavling på 10600 tonn, 117 prosent av medelsårsavr. Det var store avlingar i dei viktigaste pæredistrikta.

Plomene gav ujamne og mange stader små avlingar. Dei einskilde fylka fekk frå 50 til 110 prosent av medelsårsavr. Samla avling vart likevel større enn året før, i alt 12000 tonn.

Kirsebær og morellar gav øg noko skiftande avlingar. Samla avl vart 4600 tonn, noko mindre enn eit medelsår.

Av hagebæra gav rips, stikkelsbær og solbær gode avlingar i dei fleste fylke. Det vart likevel ikkje full medelsårsavl i landet under eitt. Jordbær og bringebær gav ujamne avlingar, og bringebæra gav berre 78 prosent av medelsårsavl i alt. Samla avl av hagebær vart 27800 tonn i 1958, medan avlinga i 1957 var 30000 tonn.

Grønsakene på friland vart øg seinka fra våren. Dette gjekk serleg ut over tidleg-grønsakene. Sterke åtak av kålmøll og kålfuge sette øg ned avlingane. Samla avl av grønsaker frå friland var 116000 tonn i 1958, mot 123000 tonn året før. Kålen gav 96 prosent av eit medelsår og ei samla avling på 63000 tonn. Gulrota slo bra til, med 105 prosent av medelsårsavl og i alt 38000 tonn. Purren gav øg bra avling.

Av grønsaker under glas gav tomatane 9300 tonn eller noko meir enn året før, og agurkane 2100 tonn, som er noko mindre enn i 1957.

Tabell 13 gjev eit oversyn over hagebruksavlinga i åra 1950—1958.

Tabell 13. Avlinga i hagebruket. Tonn.

	Frukt	Bær	Grønsaker ¹
1950	87 086	26 269	105 822
1951	62 581	24 266	93 167
1952	69 138	25 008	98 914
1953	46 691	26 578	148 819
1954	95 581	27 766	105 686
1955	67 428	22 496	109 825
1956	94 913	28 381	144 644
1957	64 711	29 940	134 015
1958	96 040	27 832	127 469

¹ Hovudkulturar på friland og under glas.

Bruken av kunstgjødsel og kraftfør.

Oppgåvane i tabell 14, over bruken av kunstgjødsel, er rekna ut i tonn grunnstoff og byggjer på nettosalet frå grossistane i innkjøpsperioden 1. juli—30. juni. Forbruket rekna som grunnstoff var noko mindre i 1958 enn året før. Kunstgjødselslag med høgt innhald av næringsemne er nytta meir enn før. Rekna som varemengd, var det nytta om lag 400000 tonn kunstgjødsel i 1958 mot 437000 tonn i 1957.

Tabell 14. Forbruk av kunstgjødsel rekna i tonn grunnstoff.

	Kvæve (N)	Fosfor (P)	Kalium (K)
1939	10 270	6 464	12 305
1949	25 216	14 108	35 056
1950	36 864	16 171	41 837
1951	30 699	14 949	34 433
1952	33 397	15 490	37 378
1953	36 009	16 558	39 639
1954	34 078	16 252	38 826
1955	35 242	15 832	38 757
1956	37 936	16 047	41 091
1957	43 508	17 910	44 440
1958	42 839	17 637	41 572

Tabell 15 viser innførsla av kraftføremne.

Tabell 15. Innførsle av kraftfør i tonn (heil kveite, rug, bygg og havre til før ikkje rekna med).

	Mais	Kli	Eggekviterikt (oljemjøl o. l.)	Andre kraftfør- emne	Til saman
1939	148 129	59 269	97 067	24 728	329 193
1949	135 111	2 914	30 546	21 742	190 313
1950	131 208	1 499	76 433	39 677	248 817
1951	53 074	—	46	36 348	89 468
1952	93 698	—	14 143	48 998	156 839
1953	105 902	—	48 910	24 503	179 315
1954	49 699	170	52 008	45 695	147 572
1955	89 194	361	82 389	80 029	251 973
1956	58 595	222	99 421	121 809	280 047
1957	44 022	475	49 627	44 260	138 384
1958	48 251	408	98 652	86 248	233 559

I tillegg til dette vart det i 1958 innført i alt 33000 tonn fôrkorn av kveite, bygg og havre (90000 tonn i 1956). Omsetnaden av norskprodusert kraftfør gjekk ned fra 367000 tonn i 1957 til 345000 tonn i 1958. Ein del av dette vart produsert av innførde råemne, såleis 65000 tonn kli o. l. og ca. 61000 tonn kraftfør frå oljemylnene. Det vart innført ca. 94000 tonn oljefrø til mylnene i 1958. Av det norske kraftføret var det elles 36000 tonn sildmjøl og 180000 tonn norsk-avla fôrkorn.

Samla omsetnad av kraftfør til grossist kom såleis opp i 612000 tonn i 1958 mot 519000 tonn i 1957. I rekneskapsåret 1957—58 var omsetnaden 570000 tonn.

Tabell 16 og 17 gjev eit oversyn over kraftfôromsetnaden etter oppgåver fra Statens Kornforretning.

Tabell 16. Kraftfôromsetnaden til grossist (i tonn).

	Kolhydratriktt		Eggekviterikt		Til saman
	I alt	Av dette heil kveite, rug, bygg og havre til før	I alt	Av dette sildmjøl	
1939–40	299 219	40 724	173 503	1 26 874	472 722
1948–49	217 377	36 463	142 744	74 705	360 121
1949–50	328 704	73 796	197 560	79 108	526 264
1950–51	235 854	45 237	112 396	45 483	348 250
1951–52	282 482	73 281	139 446	62 959	421 928
1952–53	289 878	109 280	138 645	51 536	428 523
1953–54	231 637	99 104	164 107	62 829	395 744
1954–55	316 258	108 676	180 312	51 819	496 570
1955–56	472 648	153 212	235 023	49 316	707 671
1956–57	350 539	198 143	168 692	51 726	519 231
1957–58	396 737	224 939	173 438	42 234	570 175

¹ Gjeld også fiskemjøl i 1939—40.

Tabell 17. Kraftfôromsetnaden i dei einskilde månader
i 1957 og 1958 (i tonn).

	Omsetnad til grossist					Omsetnad frå grossist I alt	
	Eggekviterikt		Kolhydratricht ²		I alt		
	Innført	Norsk ¹	Innført	Norsk ¹			
1957							
Januar	7 899	11 061	11 443	16 416	46 819	52 516	
Februar	3 910	10 171	5 282	19 287	38 650	46 572	
Mars	7 408	10 636	23 227	13 747	55 018	52 133	
April	8 891	10 376	11 473	14 612	45 352	54 948	
Mai	1 103	11 243	19 246	15 055	46 647	49 524	
Juni	4 343	8 441	676	19 440	32 900	30 765	
Juli	—	5 555	774	17 450	23 779	30 345	
August	4 905	6 261	100	20 017	31 283	36 344	
September	1 189	6 957	9 146	31 402	48 694	38 304	
Oktober	4 182	7 454	2 777	46 016	60 429	47 567	
November	7 386	9 758	3 689	28 096	48 929	47 036	
Desember	442	10 172	11 731	17 874	40 219	44 141	
Aret	51 658	108 085	99 564	259 412	518 719	530 195	
1958							
Januar	9 073	13 245	23 391	14 165	59 874	55 226	
Februar	7 847	9 372	21 436	14 838	53 493	52 385	
Mars	7 195	12 186	6 438	16 779	42 598	60 522	
April	8 944	12 379	8 248	19 933	49 504	61 552	
Mai	4 932	9 593	16 590	17 273	48 388	58 432	
Juni	7 195	7 824	28 789	19 177	62 985	36 952	
Juli	11 563	3 826	9 535	8 703	33 627	36 705	
August	5 494	3 922	19 343	15 987	44 746	41 902	
September	2 531	5 505	14 691	27 122	49 849	42 863	
Oktober	11 103	7 370	4 680	43 384	66 537	47 408	
November	13 278	6 464	10 158	31 518	61 418	49 302	
Desember	10 001	7 665	4 937	16 395	38 998	51 260	
Aret	99 156	99 351	168 236	245 274	612 017	594 509	

¹ Gjeld også norsk produksjon av innførte råemne. Frå 1. juli 1955 er sal av kraftfôr frå bygdemylnene teki med. ² Heil kveite, rug, havre og bygg til fôr er rekna med.

Frå 1. juli 1956 vart det slutt på rasjoneringa av kraftfôr. Prisane på kraftfôr vart då auka, samstundes som eit rabattsystem vart gjort gjeldande. Bruk med over 10 dekar jordbruksareal fekk rett til kjøp av kraftfôr etter redusert pris. Tilvising på slikt kjøp vart gjevi i samsvar med jordbruksarealet og dyretalet på bruket. Dei kraftfôrmengder som kunne kjøpast på denne måten, svara for mjølkekryrne om lag til dei tidlegare kraftfôrrasjonar. For svin og høns vart satsane for tilvising av kraftfôr til redusert pris sette relativt lågt. Satsane pr. dyr er avmåta etter bruksgrupper, slik at dei blir mindre med aukande storleik på bruken. Prisreduksjonen vart dessutan avgrensa til 120 kg kraftfôr årleg pr. dekar jordbruksareal som blir drevi i samband med husdyrhald.

Mengdene av rabattkraftfôr pr. dyr vart sette noko ned frå 1. april 1957 for svin og høns, men avgrensinga etter arealet vart sett opp til 150 kg pr. dekar. Samstundes vart prisrabatten redusert frå 22 øre til 20 øre pr. kg.

I rekneskapsåret 1957—58 vart det frå grossist omsett 270 000 tonn kraftfôr mot prisrabatt. Det svarar til 47 prosent av samla omsetnad, som var 569 000 tonn.

På Austlandet og i Rogaland var det prisrabatt på mindre enn halvparten av dei omsette mengder, og i resten av landet på meir enn halvparten av omsetnaden.

Husdyrhaldet.

Tabell 18 syner talet på husdyr i åra 1939 og 1949—1958.

Tabell 18 Talet på husdyr pr. 20. juni. Bygdene i alt.

	Hestar	Storfe	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
1939	203 931	1 455 016	1 743 802	248 916	361 953	3 422 368
1949	198 266	1 224 133	1 735 623	146 594	418 840	3 710 906
1950	190 514	1 236 600	1 811 748	130 045	422 156	3 911 996
1951	183 828	1 230 532	1 928 948	118 828	386 120	3 320 489
1952	175 356	1 151 830	1 986 726	115 417	418 435	3 197 045
1953	167 748	1 150 035	1 985 284	119 092	379 035	3 384 750
1954	158 676	1 180 894	1 952 016	122 693	405 804	3 562 480
1955	150 342	1 171 280	1 921 897	115 557	464 004	3 482 101
1956	142 247	1 111 812	1 825 908	110 378	506 597	3 954 212
1957	133 015	1 103 218	1 820 865	109 918	459 270	3 837 475
1958	125 782	1 116 211	1 809 544	106 014	423 032	3 476 616
Relative tal. 1949 = 100.						
1939	102,9	118,9	100,5	169,8	86,4	92,2
1949	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
1950	96,1	101,0	104,4	88,7	100,8	105,4
1951	92,7	100,5	111,1	81,1	92,2	89,5
1952	88,4	94,1	114,5	78,7	99,9	86,2
1953	85,6	93,9	114,4	81,2	90,5	91,2
1954	80,0	97,5	112,5	83,7	96,9	96,0
1955	75,8	95,7	110,7	78,8	110,8	93,8
1956	71,7	90,8	105,2	75,3	121,0	106,6
1957	67,1	90,1	104,9	75,0	109,7	103,4
1958	63,4	91,2	104,3	72,3	101,0	93,7

Ved jordbrukssteljinga i 1949 var talet på hestar, storfe, sauere og geiter mindre enn i 1939. Nedgangen var serleg stor for geitene. Talet på svin og høns var større i 1949 enn i 1939. Etter 1949 har det framleis vore nedgang, serleg for hest og geit, men også for storfe. Sauetalet auka fram til 1952, men har sedan gått ned. Svinehaldet var lite i 1953, auka mykje fram til 1956, men gjekk deretter tilbake. Like eins har talet på vaksne høns skifta mykje etter 1949. Talet var lægst i 1952 og høgstd i 1956.

Tabell 19 gjev meir detaljerte oppgåver over husdyrhaldet. Husdyrtalet i dei einskilde fylka i 1958 ser ein av tabell II bak i boka.

Hestetalet har framleis gått tilbake. Nedgangen siste år var om lag 5 prosent og i alt er det ein nedgang på 37 prosent frå 1949. Det er framleis nedgang for unghest, men nedgangen gjer seg no mest gjeldande i aldersklassen 5—16 år. Talet på hestar over 16 år har auka i fleire år og var i 1958 mykje større enn i 1949. Det var nedgang i hestehaldet i alle fylka i 1958, men einskilde stader var det fleire føl og unghestar enn året før.

Talet på storfe i alt var noko større i 1958 enn året før. Det var ein auke på vel 4 prosent for kalvar og ungydyr, men framleis nedgang for kyr med om lag 1 prosent frå året før. Det var Austlandet og Trøndelag som hadde nedgang i ku-

Tabell 19. Talet på husdyr i 1958 samanlikna med 1949 og 1957.

	Husdyrhaldet 20. juni			Brigde 1949–58		Brigde 1957–58	
	1949	1957	1958	I tal	I pct.	I tal	I pct.
Hestar:							
Under 1 år	8 218	2 022	2 020	6 198	75,4	2	0,1
1 og 2 år	9 948	3 505	3 310	6 638	66,7	195	5,6
3 og 4 år	24 959	5 197	4 961	19 998	80,1	236	4,5
5–16 år	134 898	88 322	78 740	56 158	41,6	9 582	10,8
Over 16 år	20 245	33 969	36 751	+ 16 508	+ 81,5	2 782	+ 8,2
I alt	198 266	133 015	125 782	72 484	36,6	7 233	5,4
Storfe:							
Under 1 år	269 696	284 995	296 270	+ 26 574	+ 9,8	+ 11 275	+ 4,0
Oksar { 1–2 år	35 128	44 991	48 894	+ 13 766	+ 39,2	+ 3 903	+ 8,7
over 2 år ..	5 783	5 150	4 718	— 1 065	- 18,4	— 432	- 8,4
Kviger (som ikkje har hatt kalv)	144 275	138 265	144 151	— 124	- 0,1	+ 5 886	+ 4,3
Kyr (som har hatt kalv)	769 251	629 817	622 178	- 147 073	- 19,1	- 7 639	- 1,2
I alt	1 224 133	1 103 218	1 116 211	- 107 922	- 8,8	+ 12 993	+ 1,2
Sauer:							
Under 1 år (lam)	843 589	948 137	938 517	+ 94 928	+ 11,3	9 620	1,0
Over 1 år	892 034	872 728	871 027	- 21 007	- 2,4	1 701	0,2
I alt	1 735 623	1 820 865	1 809 544	+ 73 921	+ 4,3	11 321	0,6
Geiter:							
Under 1 år (kje)	41 810	24 722	22 824	- 18 986	- 45,4	1 898	7,7
Over 1 år	104 784	85 196	83 190	- 21 594	- 20,6	2 006	2,4
I alt	146 594	109 918	106 014	- 40 580	- 27,7	3 904	3,6
Svin:							
Under 4 månader ...	249 281	256 748	228 585	- 20 696	- 8,3	28 163	11,0
Over { slaktesvin ..	111 954	142 503	136 958	+ 25 004	+ 22,3	5 545	3,9
4 ale- { rånar	2 250	2 928	2 644	+ 394	+ 17,5	284	9,7
mndr. svin { purker	55 355	57 091	54 845	- 510	- 0,9	2 246	3,9
I alt	418 840	459 270	423 032	+ 4 192	+ 1,0	36 238	7,9
Høns:							
Vaksne	3 710 906	3 837 475	3 476 616	- 234 290	- 6,3	360 859	9,4
Kjuklingar	3 031 531	1 789 504	2 124 847	- 906 684	- 29,9	+ 335 343	+ 18,7

talet. Dei andre landslutane hadde fleire kyr i 1958 enn i 1957. Det var i alt 19 prosent færre kyr i 1958 enn i 1949. I desse åra var nedgangen på Austlandet 30 prosent. Minst nedgang hadde Vestlandet og Trøndelag, med 8–10 prosent. Av dei einskilde fylka var det berre Rogaland som hadde fleire kyr i 1958 enn i 1949.

Sauenhaldet i 1958 var 0,6 prosent mindre enn i 1957. Det var noko auke i Oppland, Agder og på Vestlandet, men elles noko nedgang. Frå 1949 til 1958 har sauenhaldet auka med om lag 10 prosent på Vestlandet og i Nord-Noreg. Det var auke i Agder òg, men nedgang i Trøndelag og på Austlandet, om ein ser denne landsluten under eitt. I alt for landet var det auke i sauenhaldet frå 1949 til 1958. Det var noko fleire lam, men litt nedgang i talet på vaksne sauher.

Geitehaldet gjekk framleis attende. Samla nedgang frå 1949 var 28 prosent. Det var størst nedgang for kje. Talet på vaksne geiter gjekk ned med vel 20 prosent.

Talet på svin den 20. juni 1958 var om lag 8 prosent mindre enn på same tid året før. Det var nedgang både for alesvin, slaktesvin og smågrisar. Det var likevel fleire svin i alt i 1958 enn i 1949. Det har ikkje vore same brigde i svinehaldet i dei einskilde fylka. Rogaland skil seg serleg ut med bortimot dobla svinehald fra 1949 til 1958. I Nord-Trøndelag er det om lag 20 prosent auke. Like eins er det noko auke i Østfold, Vestfold og Sogn og Fjordane. Elles er det mykje nedgang i dei fleste fylka.

Talet på vaksne høns gjekk tilbake med 9 prosent frå 1957 til 1958. Det var meir eller mindre nedgang i om lag alle fylka. Talet på kjuklingar auka med 19 prosent. Det var auke i dei fleste fylka med unnatak av Nord-Noreg. I høve til

Tabell 20. Husdyrhaldet i 1958 utrekna som relativtal
i høve til 1949 og 1957.

	Hestar	Storfe	Mjølke-kyr	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
a) Relative tal. 1949 = 100.							
Østfold	57,4	84,4	74,6	24,1	—	104,3	111,0
Akershus	55,2	78,8	71,6	56,3	—	77,0	124,7
Hedmark	62,6	77,3	68,2	76,8	79,0	84,1	83,9
Oppland	65,8	87,0	74,9	95,2	81,8	100,0	79,6
Buskerud	61,0	67,2	60,1	128,3	145,2	83,3	108,7
Vestfold	49,7	78,3	66,9	47,5	—	106,2	93,4
Telemark	60,4	78,3	70,5	94,1	74,9	91,3	89,2
Aust-Agder	69,8	80,0	75,9	110,3	—	84,4	74,3
Vest-Agder	74,5	90,6	82,2	105,6	13,2	90,9	91,2
Rogaland	66,4	127,3	103,9	122,5	55,8	192,1	82,3
Hordaland	72,2	94,2	83,3	106,4	37,5	92,1	121,0
Sogn og Fjordane	68,5	101,7	90,4	111,6	83,7	101,6	95,0
Møre og Romsdal	64,1	100,3	86,6	91,7	99,4	78,6	81,5
Sør-Trøndelag	68,0	103,4	91,2	95,5	22,2	73,4	70,8
Nord-Trøndelag	59,2	103,1	89,0	85,8	53,3	119,8	87,0
Nordland	66,3	87,2	81,5	105,6	62,5	57,4	82,8
Troms	67,8	84,8	86,3	117,6	99,6	71,4	155,6
Finnmark	58,4	83,7	92,5	132,8	5,3	68,7	218,9
Bygdene i alt	63,4	91,2	80,9	104,3	72,3	101,0	93,7
b) Relative tal. 1957 = 100.							
Østfold	98,5	101,7	99,6	51,5	—	82,8	92,4
Akershus	89,8	97,1	97,3	99,9	—	80,2	98,8
Hedmark	96,4	99,6	97,7	99,8	108,9	97,6	92,4
Oppland	95,4	100,6	96,1	101,1	95,7	90,5	92,9
Buskerud	92,2	95,9	92,6	96,6	100,9	98,1	86,8
Vestfold	93,2	97,7	96,7	88,0	—	93,4	84,2
Telemark	93,3	100,5	96,2	97,5	105,3	99,0	82,8
Aust-Agder	99,1	105,0	102,3	107,0	—	89,6	87,6
Vest-Agder	98,4	104,8	100,4	101,4	276,5	79,1	93,7
Rogaland	93,8	104,1	100,4	104,1	103,2	96,1	89,9
Hordaland	95,1	101,9	101,1	101,4	81,9	101,7	97,8
Sogn og Fjordane	99,8	104,5	101,2	101,6	97,5	90,5	98,0
Møre og Romsdal	94,4	103,2	99,1	94,0	100,6	92,8	83,0
Sør-Trøndelag	94,4	101,5	98,4	96,2	90,1	97,4	89,2
Nord-Trøndelag	91,5	100,4	97,7	96,8	93,0	99,0	82,5
Nordland	93,5	99,5	—	96,3	84,1	68,8	88,7
Troms	93,5	100,9	102,2	96,2	97,0	56,8	84,0
Finnmark	86,6	95,8	99,5	94,5	34,9	615,0	149,2
Bygdene i alt	94,6	101,2	98,8	99,4	96,4	92,1	90,6

1949 var det i 1958 om lag 6 prosent færre vaksne høns og om lag 30 prosent færre kjuklingar. Ein skal her vera merksam på at oppalet av kjuklingar var uvanleg stort i 1949.

Tabell 20 viser husdyrtalet i 1958 i høve til 1949 og 1957 i dei einskilde fylke.

Det var ei representativ husdyrteljing pr. 31. desember 1958 på same måten som i åra 1953—1957. Teljinga femnde over ca. 2 prosent av bruken med over 5 dekar jordbruksareal. Om lag 4500 bruk var med i teljinga i 1958.

Tabell 21 syner dyretalet ved årsskiftet i prosent av sumarbuskapen i åra 1953—1958 og 1929. Tala for 1907 og 1918 gjeld buskap ved årsskiftet i prosent av buskap pr. 30. september.

Tabell 21. Vinterbuskap i prosent av sumarbuskap.

	Hestar	Storfe	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
31/12 1907 I pct. av 30/9 1907 ..	98,9	94,0	71,2	75,1	51,3	..
1/1 1918 » 30/9 1917 ..	99,0	94,1	72,5	77,5	51,6	..
1/1 1929 » 20/6 1929 ..	97,7	91,3	54,6	63,9	52,5	
31/12 1953 » 20/6 1953 ..	95,9	96,9	53,4	84,1	81,2	120,4
31/12 1954 » 20/6 1954 ..	97,1	97,0	54,0	78,2	96,4	121,3
31/12 1955 » 20/6 1955 ..	95,9	91,1	50,3	72,5	88,3	128,7
31/12 1956 » 20/6 1956 ..	96,9	95,3	52,5	81,7	83,0	115,5
31/12 1957 » 20/6 1957 ..	96,1	96,7	53,5	80,8	86,7	110,3
31/12 1958 » 20/6 1958 ..	95,7	95,0	52,7	78,8	85,3	112,8

Buskapen er jamt over noko mindre om vinteren enn i sumartida. Denne sesongnedgangen var litt større i 1958 enn i 1957. For vaksne høns er det auke i talet frå 20. juni. Tabell 22 viser sumar- og vinterbuskapen dei siste åra. Brigda i høve til same tid året før, går stort sett i same lei som teljinga i juni viste.

Tabell 22. Sumar- og vinterbuskap 1955, 1956, 1957 og 1958.

	1955		1956		1957		1958	
	20. juni	31. des.	20. juni	31. des.	20. juni	31. des.	20. juni	31. des.
	Tusen stk.							
Hestar i alt	150	144	142	138	133	128	126	120
Storfe:								
Under 1 år ...	301	227	277	240	285	258	296	260
Oksar over 1 år	60	54	55	51	50	48	54	51
Kviger	152	148	140	137	138	137	144	143
Kyr	658	638	640	632	630	625	622	606
I alt storfe ...	1 171	1 067	1 112	1 060	1 103	1 068	1 116	1 060
Sauer og lam ...	1 922	967	1 826	958	1 821	974	1 810	954
Geiter og kje ...	116	84	110	90	110	89	106	84
Svin:								
Under 4 mndr.	258	200	283	218	257	236	229	198
Slaktesvin over 4 mndr.	140	144	158	140	142	102	137	103
Alesvin over 4 mndr.	66	66	66	62	60	61	57	60
I alt svin	464	410	507	420	459	399	423	361
Vaksne høns ...	3 482	4 483	3 954	4 569	3 837	4 232	3 477	3 922

Frå og med 1936 har Byrået gjennom jordstyra henta inn oppgåver over talet på purker som er para. I 1956 vart inseminasjon teken i bruk i svinealet. Talet på inseminasjonar var knapt 3000 det året. I 1957 hadde det auka til vel 8500, men gjekk noko ned i 1958.

Tabell 23 syner talet på paringar som relativtal i høve til same månad året før. Talet på inseminasjonar er teki med.

Tabell 23. Svinehaldet. Talet på paringar i dei einskilde månader i høve til same månad året før.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.	Aret
1951	88	92	89	123	137	146	146	124	106	111	101	97	108
1952	101	108	127	110	99	98	93	106	101	97	97	98	101
1953	94	89	84	86	98	99	111	112	131	128	110	100	102
1954	98	113	140	138	131	108	130	145	135	114	103	102	116
1955	121	131	115	110	106	118	126	109	94	87	92	95	106
1956	113	106	103	95	92	93	84	88	87	83	89	104	93
1957	113	110	101	97	110	118	120	111	109	103	101	109	108
1958	93	91	96	97	95	96	97	100	110	111	112	103	100

Ein må vera merksam på dei store sesongsvingninga i talet på paringar. Det er flest paringar i desember, og dernest i november, januar og mai, medan det til vanleg er færrest i juli—september. Tala byggjer på oppgåver over bortimot 62000 paringar i 1958 (inseminasjonar medrekna). Det var nær det same som i 1957.

Tabell 24 gjev eit oversyn over pelsdyrhaldet.

Tabell 24. Talet på pelsdyr.

	Sølvrev	Blårev	Platinarev	Mink
20. juni 1939	493 000	29 000	5 000	26 000
1. sept. 1946	217 000	107 000	13 000	39 000
20. juni 1949	124 000	88 000	10 000	85 000
» » 1950	130 000	73 000	6 500	87 000
» » 1951	129 000	85 000	4 900	145 000
» » 1952	102 000	65 000	3 000	210 000
» » 1953	56 000	38 000	3 000	270 000
» » 1954	29 000	50 000	1 400	360 000
» » 1955	24 000	80 000	1 000	500 000
» » 1956	14 000	51 000	600	715 000
» » 1957	5 500	38 000	350	780 000
» » 1958	2 300	52 000	150	800 000

Fjøskontrollen.

I tabell VII bak i boka er det gjevi eit oversyn over fjøskontrollen i tida 1905—1958. Der finn ein òg oppgåver for dei einskilde fylka i 1958.

Talet på buskapar og kyr under kontroll i 1958 var om lag som året før. Det har vori nedgang sidan 1951. Samstundes har talet på kyr i alt gått tilbake. Relativt sett har det dei siste åra vori om lag like mange kyr under kontroll (29—30 prosent).

Kontroll-laga hadde til saman 26948 buskapar med 185641 årskyr i 1958.

Medels mjølkemengd pr. årsku under kontroll var 3367 kg i 1958. Det var noko mindre enn i 1957. Medels feittprosent var 4,20 i 1958. Mjølkemengda pr. årsku skifta mellom 3943 kg i Vestfold og 2676 kg i Nordland. Tabell VII syner församansetjinga òg. Relativt sett vart det nytta noko meir kraftfør i 1958 enn i 1957. Av samla fôrmengd i 1958 var 3,8 prosent luta halm, som er rekna med i stråfôret, og 7,9 prosent surfôr, som er rekna med under saftig fôr.

I «Jordbruksstatistikk 1952» er det gjevi ein noko breiare omtale av fjøs-kontrollverksemda.

Husdyrprodukta.

I samband med den representative jordbruksteljinga pr. 20. juni 1955 var det ein etterrøknad over husdyrproduksjonen i teljingsåret 20. juni 1954—20. juni 1955. I «Jordbruksstatistikk 1955» er det gjevi eit oversyn over resultata frå denne etterrøknaden. Der finn ein produksjonstal for dei einskilde fylka òg.

Tabell 25 viser utrekna produksjon i bygdene sidan 1900. For åra før og mellom produksjonsteljingane (1927—28, 1946—47, 1949—50 og 1954—55) er tala utrekna på grunnlag av desse teljingane og husdyrtala for dei einskilde år. Tala gjeld samla produksjon utan omsyn til korleis han er nytta. Når det gjeld kjøt og flesk, blir såleis ein auke i buskapen rekna med i produksjonen. Dei siste åra har det stort sett vori nedgang i buskapen. Utrekna produksjon («tilvokster») i året har då vori mindre enn det som er teki ut til slakt m. m. Dette gjeld serleg hestar og kyr, som frå 1949 til 1958 i alt har gått ned med 220000 dyr.

Tabell 25. Husdyrproduksjonen i tonn. Bygdene i alt.

	Kjøt ¹	Flesk	Ku-mjølk	Geit-mjølk	Egg	Ull (uvaska)
1900	36 500	23 500	885 000	25 800	7 138	2 139
1907	38 698	31 000	1 038 448	26 930	6 756	2 127
1917	44 120	24 000	1 137 040	23 676	9 240	1 981
1929—30	54 388	32 509	1 222 578	31 165	16 333	2 346
1939—40	64 226	37 674	1 522 363	32 132	21 007	2 677
1946—47	49 053	26 589	1 333 851	19 870	9 816	2 618
1947—48	46 876	27 021	1 397 672	19 618	14 640	2 717
1948—49	51 287	19 979	1 477 753	19 568	21 175	2 770
1949—50	54 066	42 628	1 609 024	21 120	26 665	3 067
1950—51	58 394	42 296	1 618 000	19 250	25 823	3 225
1951—52	58 268	41 073	1 578 000	18 250	23 943	3 434
1952—53	57 943	41 983	1 597 000	18 400	24 918	3 536
1953—54	60 288	41 549	1 560 000	18 670	26 942	3 534
1954—55	63 034	49 924	1 547 562	19 741	27 959	3 599
1955—56 ²	60 543	54 243	1 575 000	19 900	29 520	..
1956—57 ²	59 148	53 184	1 647 000	21 000	30 929	..
1957—58 ²	59 310	50 438	1 634 000	21 100	29 034	..

¹ Kjøt av hest, storfe, sau og geit. ² Førebels oppgåve.

I åra etter 1954—55 har kjøtproduksjonen gått noko ned, medan produksjonen av flesk, mjølk og egg har auka. Tala for åra etter 1954—55 er førebels og vil bli reviderte ved hjelp av seinare etterrøknader.

I samband med totalrekneskapen for jordbruket set Budsjettetnemnda opp mengdene av husdyrprodukt på ein noko annan måte. Produksjonsteljingane og statistikk over salsproduksjon er lagde til grunn for utrekningane. Tala viser då kva som er teki ut frå buskapen (slakt m. m.). Utrekninga gjeld heile jordbruks-

næringa og er rekna ut for driftsåret 1. april—31. mars. Av omsyn til nasjonalrekneskapen er det òg gjort utrekning for kalenderåret. Også på andre måtar skil desse utrekningane seg ut frå dei som ligg til grunn for tala i tabell 25. Difor kan ein ikkje utan vidare jamføra desse oppgåvane. Tabell 26 viser husdyrproduksjonen etter totalrekneskapen. Svinn er ikkje medrekna.

Tabell 26. Husdyrproduksjon etter totalrekneskapen for jordbruksrådet.
Nettoproduksjon (til sal, heimeforbruk og fôr).

	Kjøt ¹	Flesk	Kumjølk	Geitmjølk	Egg	Ull
	Tusen tonn		Mill. liter		Tusen tonn	
<i>Driftsår</i>						
1954–55	71,7	46,0	1 501	20,7	26,6	4,1
1955–56	79,8	51,5	1 512	21,4	29,3	4,0
1956–57	71,9	54,0	1 573	22,1	31,0	3,8
1957–58	71,7	51,1	1 598	22,1	29,6	3,8
1958–59 ²	73,8	49,1	1 598	20,2	28,4	3,9
<i>Kalenderår</i>						
1954	69,7	44,2	1 541	21,3	26,6	4,1
1955	79,0	50,0	1 544	21,9	29,3	4,0
1956	71,9	53,4	1 607	22,8	31,1	3,8
1957	73,0	52,4	1 658	23,1	29,6	3,8
1958 ²	71,9	48,4	1 632	20,8	28,4	3,9

¹ Kjøt av storfe og kalv, sau, geit, hest, fjørfe, rein og kanin. ² Førebels oppgåve.

Tabellane 27—29 gjev eit oversyn over meieridrifta. Ein viser elles til den årlege publikasjonen «Meieribruk i Noreg».

Tabell 27. Oversyn over meieridrifta.

Innvegen mjølkemengd Tonn	Produsert i alt i tonn						Netto- vinning i øre pr. kg mjølk	
	Smør	Mager ost	Feit ost	Kasein	Geit- og fløyte- mysost	Mager mysost og prim		
1939	792 621	17 589	1 926	8 678	2 598	5 965	1 834	18,49
1949	890 569	10 716	1 759	9 486	3 303	8 621	1 419	46,73
1950	991 411	11 532	1 655	12 473	4 056	10 954	447	47,09
1951	1 006 770	11 206	2 176	13 697	4 824	12 884	532	48,83
1952	997 084	10 246	1 443	16 860	4 348	12 411	412	53,73
1953	1 064 231	12 834	1 047	16 425	4 476	9 763	276	55,31
1954	1 052 175	10 636	1 194	16 837	4 571	11 700	350	58,80
1955	1 060 699	10 517	1 223	16 079	4 681	11 497	398	63,11
1956	1 136 120	12 487	1 201	19 641	5 415	11 954	455	71,52
1957	1 196 717	15 655	1 014	18 502	5 858	11 484	459	71,87
1958 ¹	1 187 000	13 500	1 540	20 980	4 580	13 300	670	73,25

¹ Førebels oppgåve.

Etter månadsrapportane var det innvege 1187 000 tonn mjølk ved meieria og kondenseringsfabrikkane i 1958, eller knapt ein prosent mindre enn året før.

Tabell 28 syner innvegen mjølkemengda månadsvis. I månadene januar—august var den innvegne mjølkemengda stort sett mindre enn tilsvarende månader året før, medan den var større enn året før dei 4 siste månadene.

Tabell 28. Innvegen mjølkemengd for kvar månad. Tonn.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
1939	56 828	55 573	66 944	67 791	79 388	78 521	70 047	63 869	60 828	58 145	53 245	55 554
1949	57 232	56 310	69 726	81 259	95 681	95 055	82 939	78 179	69 433	63 435	60 376	65 463
1950	70 888	69 027	85 259	91 597	106 125	106 628	95 188	86 924	76 746	65 136	60 186	63 750
1951	71 868	70 387	82 427	97 246	105 059	109 401	103 238	89 381	74 421	68 539	60 208	63 558
1952	69 508	68 338	80 695	91 047	107 794	109 476	99 265	84 898	76 828	66 473	62 516	71 729
1953	77 769	74 020	92 079	105 624	117 287	120 050	103 618	92 970	79 458	67 343	61 574	67 094
1954	71 296	70 143	91 124	102 784	114 648	119 024	105 544	92 393	81 160	67 153	65 891	71 461
1955	75 272	73 279	90 610	104 500	115 228	119 615	106 321	90 567	72 735	70 148	67 778	73 724
1956	80 527	79 912	95 225	111 781	126 203	123 937	111 283	98 046	80 604	75 239	72 668	79 695
1957	86 010	83 703	100 900	123 046	137 565	131 096	122 307	104 181	86 639	74 051	70 189	76 097
1958	81 737	79 196	98 500	115 687	130 305	132 628	121 362	101 464	91 387	78 982	72 652	83 333

Tabell 29. Produksjon av smør og ost ved meieria i dei einskilde månader. Tonn.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Smør.												
1939 . . .	1 212	1 175	1 470	1 565	1 794	1 923	1 831	1 431	1 411	1 324	1 220	1 201
1949 . . .	708	559	818	1 243	1 595	1 610	1 250	817	699	509	474	446
1950 . . .	652	607	903	1 148	1 547	1 710	1 444	1 109	941	586	516	392
1951 . . .	650	604	846	1 208	1 374	1 627	1 605	1 068	813	601	429	346
1952 . . .	605	526	698	971	1 303	1 623	1 296	881	822	562	493	458
1953 . . .	702	652	917	1 615	1 987	2 049	1 548	1 235	916	504	376	340
1954 . . .	501	549	834	1 101	1 310	1 672	1 316	998	810	471	435	388
1955 . . .	612	577	916	1 271	1 474	1 678	1 364	839	540	423	421	392
1956 . . .	619	588	839	1 447	1 819	1 894	1 607	1 144	789	542	579	633
1957 . . .	992	966	1 401	1 982	2 347	2 427	2 012	1 269	903	529	459	408
1958 . . .	726	636	905	1 628	1 821	2 061	1 734	1 171	1 018	672	558	587
Kvit ost.												
1939 . . .	805	703	831	965	1 051	1 057	898	767	852	871	712	643
1949 . . .	578	477	758	1 233	1 435	1 513	1 229	1 037	824	652	553	659
1950 . . .	864	753	1 165	1 514	1 735	1 924	1 580	1 371	1 244	778	605	645
1951 . . .	917	849	1 186	1 674	1 830	2 017	1 981	1 589	1 293	1 106	696	663
1952 . . .	953	862	1 204	1 709	2 119	2 370	2 213	1 729	1 653	1 127	970	1 065
1953 . . .	1 318	1 221	1 696	1 866	2 017	2 207	1 881	1 687	1 468	824	545	624
1954 . . .	846	818	1 410	2 002	2 204	2 429	2 203	1 784	1 589	921	690	752
1955 . . .	902	880	1 369	1 956	2 153	2 401	2 033	1 520	1 325	1 077	777	849
1956 . . .	1 112	1 064	1 473	2 162	2 582	2 707	2 382	1 951	1 551	1 277	1 111	1 115
1957 . . .	1 170	963	1 325	1 962	2 404	2 464	2 269	1 995	1 671	1 125	810	816
1958 . . .	1 032	1 075	1 613	2 390	2 715	2 882	2 753	2 074	2 011	1 594	1 201	1 190
Brun ost.												
1939 . . .	550	564	711	688	799	808	725	607	554	570	500	483
1949 . . .	539	532	821	1 066	1 300	1 285	1 068	900	677	556	555	663
1950 . . .	917	897	1 228	1 218	1 362	1 369	983	791	692	598	574	673
1951 . . .	946	970	1 188	1 433	1 470	1 508	1 428	1 134	901	804	668	749
1952 . . .	1 035	1 022	1 237	1 333	1 467	1 387	1 365	1 058	763	516	671	876
1953 . . .	1 065	968	1 140	993	1 026	1 052	877	660	572	523	458	593
1954 . . .	765	759	1 228	1 286	1 363	1 400	1 370	1 030	853	645	634	761
1955 . . .	876	881	1 061	1 177	1 286	1 392	1 262	973	714	623	617	800
1956 . . .	1 072	1 047	1 093	1 256	1 333	1 416	1 261	1 036	818	684	641	511
1957 . . .	759	795	989	1 148	1 370	1 328	1 286	1 070	895	715	694	806
1958 . . .	886	874	1 172	1 328	1 502	1 519	1 530	1 188	1 049	871	943	1 103

Mjølkemengda er størst i månadene april til august. I 1958 var det toppleveranse i juni, medan ein hadde toppen i mai i 1956 og 1957. Den store auken i innvegen mjølkemengd etter krigen kjem ikkje berre av auke i den totale produksjon. Fleire og fleire produsentar er blitt meierileverandørar, samstundes som folketalet på gardane har minka. Dette fører til at ein større del av mjølka vert innvegen ved meieria.

Tabell 30. Talet på kontrollerte slakt. Fyrstegongskontroll.

	1955	1956	1957	1958	1955	1956	1957	1958
Storfe.					Hest.			
Januar	16 753	21 387	21 935	15 028	741	892	1 083	651
Februar	14 801	20 538	15 449	11 975	469	793	600	373
Mars	19 889	19 034	14 997	22 136	444	490	509	347
April	18 756	16 176	15 331	16 165	344	424	370	358
Mai	23 127	16 572	20 339	22 172	355	328	370	304
Juni	23 825	13 382	18 981	20 763	389	355	459	432
Juli	13 339	6 785	9 249	11 829	241	265	308	267
August	18 741	11 003	11 493	18 883	267	450	403	380
September	26 867	19 466	17 112	23 125	648	661	560	514
Oktober	37 175	34 271	32 871	34 865	1 478	1 669	1 398	1 343
November	36 025	17 285	24 179	25 175	1 652	1 215	1 636	1 585
Desember	19 748	29 463	16 222	18 762	670	836	764	815
Til saman	269 046	225 362	218 158	240 878	7 698	8 378	8 460	7 369
Svin.					Sau.			
Januar	23 158	36 705	44 323	31 633	9 556	11 498	9 078	9 206
Februar	36 242	47 713	45 222	36 305	4 995	5 899	5 533	4 250
Mars	51 486	54 073	48 438	54 269	4 418	2 733	2 881	3 810
April	35 689	56 928	52 164	46 522	2 595	2 254	2 460	2 875
Mai	38 951	50 917	43 028	39 905	2 853	2 738	3 243	2 552
Juni	36 610	30 236	33 187	32 356	3 199	2 496	2 548	1 969
Juli	31 205	30 899	32 666	32 472	11 537	5 565	6 634	9 211
August	34 599	34 081	28 583	26 122	46 151	36 906	34 680	34 796
September	30 908	28 074	26 023	26 639	85 347	71 338	67 755	69 903
Oktober	30 519	33 315	33 549	29 943	193 854	195 449	207 486	214 302
November	41 721	29 510	35 377	32 058	85 349	53 498	60 987	70 873
Desember	61 290	75 022	61 601	57 733	10 808	18 205	8 307	10 085
Til saman	452 378	507 473	484 161	445 957	460 662	408 579	411 592	433 832
Spekalv.					Gjøkalv.			
Januar	14 893	18 353	17 366	17 044	1 014	1 137	1 118	1 062
Februar	15 029	19 087	15 836	14 688	1 030	1 312	1 102	1 050
Mars	28 488	24 545	25 958	26 018	1 806	1 361	1 295	1 400
April	33 003	30 439	27 414	27 744	1 888	1 405	1 622	1 374
Mai	16 498	18 172	16 868	16 317	2 256	1 683	2 052	1 776
Juni	11 896	10 643	10 373	10 035	2 638	1 721	2 088	1 778
Juli	7 559	6 325	6 636	6 416	1 721	1 134	1 267	1 431
August	6 060	4 472	4 271	4 331	1 813	1 181	1 227	1 285
September	9 254	7 126	5 741	6 713	2 149	1 683	1 441	1 688
Oktober	15 452	14 801	13 411	13 622	2 265	1 744	2 182	1 962
November	17 386	9 963	14 235	13 299	1 349	736	1 030	1 052
Desember	14 248	13 457	11 333	11 072	870	1 238	811	828
Til saman	189 766	177 383	169 442	167 299	20 799	16 335	17 235	16 686

I dei einskilde mjølkesentralar har den innvegne mjølkemengda vore slik i høve til 1957: Østlandets 97 prosent, Telemark 96, Aust-Agder 99, Vest-Agder 102, Vestlandske 102, Møre og Romsdal 99, Trøndelag 102 og Nord-Norges 102 prosent.

Tabell 29 viser meieriproduksjonen av ost og smør etter månadsrapportane.

Samanlikna med 1957 gjekk produksjonen av smør ned med 14 prosent i 1958, medan produksjonen av ost auka med 18 prosent.

Fra den offentlege kjøtkontrollen har ein fra 1951 serskilde oppgåver over slakt som er kontrollert for fyrste gong og slakt som er synfari på ny. Tabell 30 syner fyrstegongskontrollerte slakt månadsvis i 1955—1958. Det var noko fleire storfe og sau i 1958 enn året før, men færre hest, svin og kalv.

Tabell 31 syner relative tal for slakt som er synfari på ny. Det kan vera store variasjonar frå år til år i omfanget av slik synfaring.

Tabell 31. Talet på slakt som er synfari på ny.
Prosent av fyrstegongskontroll.

	Storfe	Hest	Svin	Sau	Geit	Spekalv	Gjøkalv
Aret 1952	16,8	9,2	22,0	24,2	9,4	4,8	6,9
» 1953	20,2	12,8	26,3	34,0	24,6	5,7	8,6
» 1954	20,0	16,1	22,7	31,9	22,3	6,3	7,3
» 1955	14,1	17,4	23,8	22,7	35,6	12,4	12,2
» 1956	25,1	20,1	29,3	43,0	37,2	12,4	10,0
» 1957	27,9	29,2	33,8	41,2	40,5	15,4	12,9
» 1958	25,4	23,0	43,4	42,4	22,6	11,9	17,2

Slakt som går gjennom ny synfaring, er i fyrste rekke slikt som blir marknadsført etter at det har legi på fryselauger og slikt som er sendt vidare til annan stad der det er kontrollstasjon. Innførde skrottar kjem berre med under ny synfaring.

På grunn av innførsle av svineslakt i heile skrottar i 1958, var tala for svin serleg store dette året.

Tabell 32 gjev eit oversyn over skinn som vart produsert i pelsdyrgardane dei siste åra, etter oppgåve frå Norsk Pelsdyralslag.

Tabell 32. Talet på skinn frå pelsdyrgardane.

	Sølvrev	Blårev	Platinarev	Mink
1939–40	370 000	21 000	2 000	16 000
1948–49	107 000	70 000	9 000	55 000
1949–50	80 000	71 000	7 500	58 000
1950–51	70 000	56 000	4 500	55 000
1951–52	88 000	72 000	4 900	85 000
1952–53	83 000	58 000	2 400	145 000
1953–54	46 000	28 000	2 700	181 000
1954–55	20 000	33 000	1 200	231 000
1955–56	18 000	62 000	800	350 000
1956–57	8 000	42 000	450	515 000
1957–58	3 500	27 000	300	515 000
1958–59	2 400	33 000	..	590 000

Tabell 33 syner utførsla av slike pelsskinn.

Tabell 33. Utførsle av ureidde pelsskinn.

	Sølvrev		Blårev		Platinarev		Mink	
	Talet på skinn	Verde i 1000 kr.	Talet på skinn	Verde i 1000 kr.	Talet på skinn	Verde i 1000 kr.	Talet på skinn	Verde i 1000 kr.
1949–50	109 357	12 857	93 416	8 084	9 175	1 318	63 856	4 906
1950–51	73 352	9 712	54 305	5 195	6 078	977	48 744	6 568
1951–52	103 923	9 682	78 204	5 200	4 232	497	74 257	7 646
1952–53	39 363	3 219	27 744	1 797	958	132	138 303	11 957
1953–54	58 571	4 383	64 033	4 846	1 559	180	175 094	17 912
1954–55	42 697	3 644	24 510	3 652	3 093	298	242 509	29 197
1955–56	12 873	1 065	53 677	4 601	676	81	330 427	38 702
1956–57	11 771	830	64 626	5 077	396	41	501 972	45 907
1957–58	9 065	570	30 574	3 721	338	28	526 751	55 978

Utførsla fell ikkje alltid saman med produksjonen i same sesong av di ein del skinn først vert utførde eit seinare år.

Produksjonen av minkskinn er auka mykje sidan 1951, og var i 1958–59 kome opp i ca. 590 000 skinn. Mest alt blir utført. Rekna etter verd, fall 93 prosent av utførsla på minkskinna i 1957–58, mot 89 prosent i 1956–57 og 18 prosent i 1949–50.

Lønene i jordbruket 1958–59.

Kwart år frå og med driftsåret 1915–16 er det henta inn oppgåver over lønene i jordbruket. Oppgåvene blir henta inn på spørjeskjema som quart år i januar blir sende til fire gardbrukarar i quart herad. For driftsåret 1958–59 har det komi inn ca. 1 000 oppgåver.

Oppgåvene skal gjelda den arbeidsløn som ålement blir betalt i heradet. Det er altså ikkje individuelle lønsoppgåver. Ein spør etter lønene for menn og kvinner, serskilt for summar- og vinterhalvåret, både for meir faste arbeidatarar (tenarar og fjørsrøktarar) og for dagarbeidatarar. Under dagarbeid skil ein mellom ymse arbeid, både på arbeidsgjeveren sin kost og på eigen kost. Når det gjeld skogsarbeid, spør ein også etter prisen for hogging av tømmer og ved på akkord. På grunnlag av dei oppgåvene som kjem inn, reknar ein ut lønene som medeltal. Både fylkes- og rikstala er uvegne medeltal av tala frå dei herad som har gjevi oppgåver. Dei oppgåvene som kjem inn på denne måten, ymsar mykje. Medeltala dekkjer såleis over store variasjonar.

Tabellane VIII og IX bak i boka viser medellønene for bygdene dei to siste åra og fylkestal for 1958–59 for alle dei grupper av lønsmottakarar som ein har oppgåver for. I tabell X er tala jamførde med oppgåvene for 1948–49 og 1957–58. Utviklinga for bygdene under eitt ser ein av tabell 34.

Løna til fast hjelpe blir gjevi opp som månadsløn på arbeidsgjeveren sin kost, i summarhalvåret og i vinterhalvåret. Medels månadsløn sumaren 1958 var 472 kroner for gardsarbeidatarar og 570 kroner for mannlige fjørsrøktarar. Dette er ein auke på 4,2 og 3,4 prosent frå året før. For kvinneleg hjelpe var medels månadsløn sumaren 1958 294 kroner for tenestgjenter og 370 kroner for kvinnelege fjørsrøktarar. Dette var ein auke på 4,3 og 4,8 prosent frå sumaren 1957. Frå 1956 til 1957 auka månadslønene om sumaren med 4–7 prosent for menn og 6–7 prosent for kvinner.

Tabell 34. Arbeidsløn i kroner.

	I sumarhalvåret										I vinterhalvåret		
	Månadsløn på arbeids- gjevars kost		Dagløn på eigen kost						Dagløn for				
	Ten- nest- gutar	Ten- nest- gjenter	Menn	Kvin- ner	Menn	Kvin- ner	Menn	Kvin- ner	På arbgj. kost	På eigen kost	skogs- køy- ring (mann og hest)		
1938–39 ...	55	35	5,23	3,46	5,68	3,65	5,35	3,59	3,79	5,41	8,84		
1948–49 ...	245	142	17,44	11,49	18,44	12,01	17,53	11,72	14,90	19,10	29,44		
1949–50 ...	263	156	18,27	12,32	19,25	12,80	18,44	12,52	15,59	19,63	29,88		
1950–51 ...	284	173	19,62	13,26	20,59	13,77	19,64	13,42	16,97	21,39	31,10		
1951–52 ...	313	190	21,94	14,91	22,98	15,53	22,14	15,29	19,97	24,80	36,99		
1952–53 ...	341	208	24,11	16,28	25,11	16,85	24,34	16,50	21,58	26,66	38,90		
1953–54 ...	349	217	25,23	17,13	26,09	17,82	25,24	17,54	22,34	27,77	40,47		
1954–55 ...	374	236	26,49	18,38	27,52	18,93	26,94	18,83	24,03	29,11	42,40		
1955–56 ...	398	250	27,89	19,47	28,87	20,14	28,19	19,85	25,29	30,78	45,18		
1956–57 ...	434	266	29,91	20,52	31,08	21,21	30,34	21,09	27,26	32,78	47,68		
1957–58 ...	453	282	30,95	21,78	32,07	22,68	31,26	22,30	28,42	33,97	51,00		
1958–59 ...	472	294	32,67	23,09	33,63	23,57	32,92	23,45	29,62	35,51	51,92		

Månadslønene om vinteren er noko lægre enn om sumaren, men auken siste året var den same — 4–5 prosent.

Som i åra før var lønene stort sett høgst på Austlandet og i Rogaland, med om lag 500—550 kroner pr. månad for gardsarbeidrarar sumaren 1958. På Vestlandet elles og i Trøndelag var lønene om lag 450 kroner og i Nord-Noreg noko meir enn 400 kroner pr. månad. Brigda frå året før ymsar noko frå fylke til fylke. Dette går fram av tabell 35.

For dagarbeidrarar får Byrået oppgåver over lønene både på arbeidsgjevaren sin kost og på eigen kost. Medels dagløn i slåttonna 1958 var for menn kr. 28,59 med kost og kr. 33,63 på eigen kost. For kvinneleg slåttonnhjelp var lønene kr. 19,34 og kr. 23,57. Dette var 4—5 prosent meir enn sumaren 1957. Dagløn i våronn og skurdonn er i medel for landet noko lægre enn løn i slåttonna. Gardsarbeid elles er noko lægre lønt enn onnehjelp. Dagløn for grøfting er noko høgre.

Løn for handverksarbeid sumaren 1958 var 32—33 kroner pr. dag med kost og 38—39 kroner på eigen kost. Dette var 3—5 prosent meir enn året før.

For skogsarbeid på dagløn var medeltalet for vinteren 1958—59 kr. 29,62 med kost og kr. 35,51 på eigen kost. Dagløn for skogskøyring (mann og hest) var 52 kroner mot 51 kroner vinteren 1957—58. Dagløn er lite nytta i skogbruket. Det vert mest nyttaakkordløn.

For hogst var medelprisane vinteren 1958—59 kr. 17,14 pr. m³ berkt tømmer og kr. 11,46 pr. m³ uberkt, om lag 2 prosent meir enn vinteren før. Hogstprisen for ved var i medel kr. 38,69 for vanleg famneved (60 cm famn) og kr. 3,30 pr. 1 meters reis. Dette var 3 prosent meir enn året før.

Jamfør med lønene i 1948—49 er månadslønene om sumaren auka med 90—100 prosent for menn og 100—110 prosent for kvinner. Dagløn for menn er auka med 90—100 prosent på arbeidsgjevaren sin kost og 80—90 prosent på eigen kost. Dagløn for kvinner er etter måten auka noko meir. Hogstprisane er auka med 85—100 prosent for tømmer og 70—80 prosent for ved.

Verdsetjinga av kosten hjå arbeidsgjevaren får ein uttrykk for ved å jamføra løn på eigen kost med løn på arbeidsgjevaren sin kost. For 1958—59 var skil-

Tabell 35. Arbeidsløn 1958—59 jamførd med 1948—49 og 1957—58.

	Menn					Kvinner						
	1948—49		1957—58		1958—59	1948—49 til 1958—59		1957—58 til 1958—59		1958—59	Brigde i prosent frå	
	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	
Månadsløn i sumarhalvåret. Tenestefolk på arbeidsgjevars kost.												
Østfold	278	497	514	+ 84,9	+ 3,4	163	313	320	+ 96,3	+ 2,2		
Akershus	270	518	498	+ 84,4	— 3,9	155	331	326	+ 110,3	— 1,5		
Hedmark	234	477	503	+ 115,0	+ 5,5	141	327	337	+ 139,0	+ 3,1		
Oppland	263	530	564	+ 114,4	+ 6,4	159	332	356	+ 123,9	+ 7,2		
Buskerud	289	526	526	+ 82,0	—	174	329	329	+ 89,1	—		
Vestfold	264	474	515	+ 95,1	+ 8,6	153	318	329	+ 115,0	+ 3,5		
Telemark	272	516	511	+ 87,9	— 1,0	172	320	337	+ 95,9	+ 5,3		
Aust-Agder	270	495	500	+ 85,2	+ 1,0	139	308	325	+ 133,8	+ 5,5		
Vest-Agder	261	510	488	+ 87,0	— 4,3	140	313	295	+ 110,7	— 5,8		
Rogaland	278	498	507	+ 82,4	+ 1,8	171	335	351	+ 105,3	+ 4,8		
Hordaland	238	404	432	+ 81,5	+ 6,9	150	286	301	+ 100,7	+ 5,2		
Sogn og Fjord.	254	462	469	+ 84,6	+ 1,5	159	313	323	+ 103,1	+ 3,2		
Møre og Romsd.	214	367	433	+ 102,3	+ 18,0	136	265	281	+ 106,6	+ 6,0		
S.-Trøndelag	213	464	445	+ 108,9	— 4,1	120	261	272	+ 126,7	+ 4,2		
N.-Trøndelag	219	447	462	+ 111,0	+ 3,4	122	274	270	+ 121,3	— 1,5		
Nordland	218	383	428	+ 96,3	+ 11,7	110	201	223	+ 102,7	+ 10,9		
Troms	251	382	412	+ 64,1	+ 7,9	116	198	207	+ 78,4	+ 4,5		
Finnmark	187	383	422	+ 125,7	+ 10,2	97	219	279	+ 187,6	+ 27,4		
Bygdene i alt	245	453	472	+ 92,7	+ 4,2	142	282	294	+ 107,0	+ 4,3		
Dagløn i slåttonna på eigen kost.												
Østfold	19,24	33,06	34,17	+ 77,6	+ 3,4	13,48	23,75	26,11	+ 93,7	+ 9,9		
Akershus	17,25	31,48	34,20	+ 98,3	+ 8,6	13,01	24,68	26,10	+ 100,6	+ 5,8		
Hedmark	16,72	31,46	33,23	+ 98,7	+ 5,6	11,73	22,70	25,91	+ 120,9	+ 14,1		
Oppland	16,04	31,41	31,90	+ 98,9	+ 1,6	10,98	20,96	24,26	+ 120,9	+ 15,7		
Buskerud	19,30	33,31	35,13	+ 82,0	+ 5,5	12,62	24,03	24,20	+ 91,8	+ 0,7		
Vestfold	18,55	33,64	35,67	+ 92,3	+ 6,0	13,41	25,39	26,50	+ 97,6	+ 4,4		
Telemark	19,85	34,88	37,32	+ 88,0	+ 7,0	11,38	23,08	25,46	+ 123,7	+ 10,3		
Aust-Agder	18,47	33,50	36,26	+ 96,3	+ 8,2	10,47	21,35	21,88	+ 109,0	+ 2,5		
Vest-Agder	19,83	33,93	36,57	+ 84,4	+ 7,8	11,31	21,60	21,97	+ 94,3	+ 1,7		
Rogaland	19,02	32,28	33,53	+ 76,3	+ 3,9	12,87	23,26	24,88	+ 93,3	+ 7,0		
Hordaland	17,76	30,39	33,47	+ 88,5	+ 10,1	11,18	21,58	23,26	+ 108,1	+ 7,8		
Sogn og Fjord.	16,57	30,30	31,42	+ 89,6	+ 3,7	10,97	22,63	21,68	+ 97,6	— 4,2		
Møre og Romsd.	17,99	31,24	31,49	+ 75,0	+ 0,8	11,66	21,52	22,32	+ 91,4	+ 3,7		
S.-Trøndelag	18,61	32,02	33,55	+ 80,3	+ 4,8	13,50	24,60	26,25	+ 94,4	+ 6,7		
N.-Trøndelag	17,34	30,54	31,91	+ 84,0	+ 4,5	10,88	21,79	22,96	+ 111,0	+ 5,4		
Nordland	18,48	31,68	33,75	+ 82,6	+ 6,5	11,82	21,53	21,93	+ 85,5	+ 1,9		
Troms	20,83	31,28	31,47	+ 51,1	+ 0,6	14,86	22,76	24,23	+ 63,1	+ 6,5		
Finnmark	21,13	34,91	34,50	+ 63,3	— 1,2	12,41	26,80	25,86	+ 108,4	— 3,5		
Bygdene i alt	18,44	32,07	33,63	+ 82,4	+ 4,9	12,01	22,68	23,57	+ 96,3	+ 3,9		

naden kr. 4,80—5,90 for menn og kr. 4,20—4,80 for kvinner. Dette er om lag som året før.

Lønsavtalen fra 1. mars 1956 mellom Jordbruks Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund gjekk ut i januar 1958, då ny avtale vart gjort gjeldande. Den leiande lønssatsen vart sett til kr. 3,55 pr. time. Frå 15. juli 1958 vart det gjevi eit tillegg på 3,5 prosent, i samsvar med regulering av lønene i andre fag av di levekostnadsindeksen hadde auka. Timeløna vart då kr. 3,67. Vederlag for skiftande helgedagar er då rekna med. I avtalen av 1956 var det eit slikt vederlag, rekna til 8 øre pr. time, i tillegg til lønssatsen på kr. 3,25 pr. time. Desse tariffssatsane er normallønssatsar. Timelønssatsane skiftar elles etter alderen og kva slag arbeid ein har m. v. For sesongarbeid er det òg eit tillegg på kr. 2,00—3,00 pr. dag. Det er ikkje gjevi satsar for månadsløn når det gjeld vanleg gardsarbeid, men ein kan likevel gjera avtale om månadsløn etter satsane for timeløn og 200 timer pr. måned.

For kvinneleg innehjelp er det framleis lønssatsar pr. månad. Den vanlege satsen, for innehjelp over 20 år, var frå 16. juli 1958 kr. 524.

Alle tariffssatsane gjeld no bruttoløn. For kost på garden blir det gjort eit frådrag på kr. 4,50 pr. dag for timelønte og kr. 135,00 pr. månad for månadslønte. Frådraget for losji er kr. 35—50 pr. månad. Arbeidarar med eige hushald skal ha høve til å kjøpa det dei treng av brensel og andre produkt frå garden, verdsatt etter vanleg pris ved sal frå bruket.

Lønsavtalen gjeld til 15. januar 1960. Den inneheld òg føresegner om arbeids-tid, ferie og trygdetiltak. Ordinær arbeidstid for vanleg jordbruksarbeid er etter avtalen 48 timer pr. veke. Dette er òg i samsvar med ei ny lov om arbeidsvilkår for arbeidarar i jordbruket, med verknad frå 1. januar 1959. Tabell 36 viser nokre av dei vanlege tariffssatsane.

Tabell 36. Nokre tariffssatsar frå lønsavtalane.

	Gardsarbeidar over 21 år med 4 års praksis		Fjørskraktar ved fjøs med 15–19 kyr	Kvinneleg innehjelp over 20 år
	med månadsløn	med timeløn (fast arbeid)		
	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. time	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. mnd.
Frå 15. jan. 1950 ...	337,00	1,80	385,00	1 140,00
» 15. okt. 1950 ...	372,00	1,98	425,00	1 168,00
» 15. april 1951 ...	406,00	2,15	464,00	1 199,50
» 15. okt. 1951 ...	448,00	2,36	510,00	1 227,50
» 15. jan. 1952 ...	488,00	2,56	554,00	1 255,00
» 15. jan. 1953 ...	496,00	2,60	563,00	1 264,00
» 14. april 1954 ...	536,00	2,80	607,00	1 264,00
» 1. mars 1956	3,25	707,00	2 470,00
» 15. jan. 1958	3,55	750,00	2 500,00
» 16. juli 1958	3,67	776,00	2 524,00

¹ Med fri kost og losji. ² Kost og losji rekna med.

For gartneri og hagebruk er det noko andre satsar enn for jordbruket, og dei er jamt over høgre.

Lønsavtalen for skogbruket har normaltariffar for hogst av tømmer og ved. For driftsåret 1958—59 var satsane for berkt tømmer kr. 10,10 pr. m³, med tillegg på kr. 0,55 for rotstokk og kr. 0,21 for midt- og toppstokk. Normaltariffen

for vedhogst var kr. 2,87 for 1 meters reis og kr. 32,55 pr. meterfamn for barved frå rot. Der tilhøva ligg slik til, er det tillegg for vanskelege hogsttilhøve, gangtillegg m. v. Frå 1. september 1958 var det etter auken i levekostnadsindeksen, eit tillegg på 2,5 prosent til desse akkordsatsane. For timelønt arbeid i skogbruket var tariffatsen for 1957—58 kr. 3,85 pr. time for menn over 18 år og kr. 5,90 pr. time for mann og hest. Frå 1. april 1958 vart desse satsane auka med 18 og 28 øre pr. time, og med eit reguleringstillegg frå 1. september 1958 på 3,5 prosent.

Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel m. m.

Prisutviklinga i 1958 var ulik for dei ymse grupper av varer. Stort sett var det noko stigning for innanlandske varer, medan prisane på innførde varer gjekk ned. For mange innførde jordbruksvarer var såleis prisane hausten 1958 lægre enn før auken i importprisane tok til hausten 1956. Dette gjeld t. d. korn, sukker, kaffe og ull.

Engrosprisindeksen frå Statistisk Sentralbyrå (basis 1952 = 100) hadde auka frå 103 i 1955 til 112 i 1957, men gjekk ned til 110 for 1958. Det var auke for matvarer, men nedgang for råvarer, brensel og ymse grupper av bearbeidde varer.

Jordbruksavtalen av 19. april 1956 galdt fram til 1. juli 1958. Tingingar om ny avtale tok til i mars 1958. Den 5. juni vart det gjort ny avtale for tida fram til 30. juni 1961. Avtalen kan regulerast etter endringar i levekostnadene og jordbrukskostnadene. Avtalen byggjer på løyvingar over statsbudsjettet etter same retningslinjer som før, til prisstønad for mjølk og mjølkeprodukt og til stønad av korndyrking gjennom prisar og trygder. Det skulle elles vera desse årlege tilskota: 93 mill. kroner til regulering av prisar på kunstgjødsel, kraftfør m. v., 20 mill. kroner til potetrygd, 20 mill. kroner til eit fond for driftsbygninga i jordbruksavtalen og 5,5 mill. kroner til ymse andre føremål.

Avtalen legg stor vekt på avsetnadsspørsmål og marknadsregulering. Midlar frå kraftførondet skal nyttast til slike føremål, når det gjeld mjølk med 40 mill. kroner årleg, for kjøt og flesk med 9 mill. kroner, for egg og fjørveslakt med 4 mill. kroner. Utanom dette vart det rekna med 5 mill. kroner til fordeling på desse varegruppene, men etter tilleggsavtale kan heile summen nyttast til mjølk. Til å fremja og tryggja avsetnaden for pelsskinn kan det også nyttast middel frå dette fondet, og då i høve til den kraftførondet ein nyttar i pelsdyralet. Tiltak som får slik stønad frå kraftførondet, skal samordnast med dei tiltaka som får stønad frå Omsetningsrådet for jordbruksvarer. Kraftførondet skal vidare yta frakttilskot for mjølk, med 10 mill. kroner årleg og ein liknande sum til frakttilskot for slakt. Utanom dette skal ullfondet ha 9 mill. kroner til stønad av ullprisar og omsetnad av norsk ull.

Når det gjeld mjølkeprodukt, kan stønad frå kraftførondet nyttast til å halda visse minsteprisar, om marknadsprisane skulle gå lægre enn desse. Jordbruksavtalen fastset elles ein auke av maksimalprisane for mjølk og ost. Når det gjeld kjøt, flesk, egg og fjørveslakt, skal jordbruksorganisasjonane syta for at prisane i gjennomsnitt for året ikkje går over ein fastsett medelpris. Det er noteringane frå Norges Kjøtt- og Fleskesentral som skal leggjast til grunn. Det skal då ikkje vera fri innførsle for desse varegruppene. Dersom prisane i 2 veker på rad kjem over ei fastsett øvre prisgrense, skal innførsla gjevast fri.

For poteter, grønsaker, frukt og bær skal det vera ei liknande regulering av innførsla, sesongvis eller heile året. For denne tida skal eit eige importråd fastsetja både normalprisar og den øvre prisgrensa som avgjer om innførsla skal gjevast

fri. I avtalen var det òg sagt i frå om at ein skal arbeida for at jordbruksvarene kjem i ei serstode dersom det vert ei europeisk frihandelsavtale.

Tabell 37, prisindeksen for jordbruket, viser prisendringane for dei norske jordbruksvarene dei siste åra. Det er Norges Landbrukskole som utarbeider denne indeksserien. Før var det stort sett Oslo-prisar som låg til grunn for utrekninga for driftsår med 1938—39 som basisår. Frå 1952 gjeld indeksen kalenderår, med 1952 som basis, og ein nyttar vegne medeltal av prisar frå ymse distrikt i heile landet. Dei einskilde produkt er gjevne vekt etter verdesummane i totalrekneskapen for jordbruket.

Tabell 37. Prisindeks for jordbruket — frå Norges Landbrukskole. Årsindeks. 1952 = 100.

	1952	1954	1955	1956	1957	1958
I. Jordbruksprodukt i alt	100	106	109	111	114	117
A. Planteprodukt	100	100	118	105	104	102
1. Korn	100	104	105	105	105	105
2. Poteter	100	102	126	108	100	121
3. Hagebruksprodukt	100	97	123	105	105	95
4. Stråfôr	100	63	87	91	85	81
B. Husdyrprodukt	100	107	107	113	117	120
1. Mjølk	100	103	106	120	122	124
2. Kjøt	100	119	115	114	121	124
3. Flesk	100	111	100	96	105	109
4. Ull	100	121	118	118	129	132
5. Egg	100	85	93	92	94	104
II. Produksjonsmiddel og produksjonsstenester	100	103	105	115	121	124
A. Uvarige produksjonsmiddel	100	102	104	118	127	129
1. Kunstmjødsel og kalk	100	99	103	107	107	108
2. Innkjøpt fôr	100	101	101	125	137	140
a. Kraftfôr	100	100	101	124	140	142
b. Skuma mjølk	100	108	108	123	112	127
3. Såvarer	100	116	120	126	131	123
4. Traktorbensel	100	100	100	97	109	103
5. Ymse	100	102	111	119	128	125
6. Produksjonstenester	100	105	105	108	112	119
B. Varige produksjonsmiddel	100	106	108	110	113	116
1. Bygningar	100	107	108	111	116	120
2. Maskinar og reiskapar	100	102	105	109	108	108
3. Grøftemateriale	100	111	111	115	117	122
III. Arbeidsløn	100	111	118	127	135	142

Pristalet for jordbruksprodukt i alt har auka noko kvart år, og var 117 for året 1958. Auken skriv seg frå husdyrprodukta. Talet for planteprodukta auka mykje i 1955; men har deretter gått ned. Indekstalet for produksjonsmiddel har òg auka, og var 124 for året 1958.

Tabell 38 viser indekstala månadsvise for hovudgruppene.

Indekstalet for planteprodukt låg høgt fyrste del av 1958, men gjekk sterkt ned i haustmånadene. I denne tida er omsetnaden størst, slik at den vegne årsindeksen vart lègre enn året før. For dei fleste husdyrprodukt var prisane høgre i siste halvår 1958 enn på same tid året før. Sesongrørlene for mjølk, saukjøt og egg verkar òg på desse månadstala.

Tabell 38. Prisindeks for jordbruket — fra Norges Landbrukshøgskole. Månadsindeks. 1952 = 100.

	Jordbruksprodukt i alt			Plante-produkt			Husdyr-produkt			Produksjonsmiddel og produksjonsstenester		
	1956	1957	1958	1956	1957	1958	1956	1957	1958	1956	1957	1958
Januar ..	109	115	119	119	97	116	107	119	120	107	122	124
Februar ..	108	113	118	123	97	118	105	117	119	107	122	124
Mars	108	113	119	127	98	121	104	117	118	108	123	124
April	110	112	118	130	99	124	106	115	116	108	123	124
Mai	114	112	118	129	99	124	110	115	115	119	123	124
Juni	114	112	118	128	99	128	110	115	116	119	123	124
Juli	114	115	125	121	111	150	112	117	119	120	122	122
August ..	113	114	121	103	93	114	116	120	123	119	120	123
September	116	116	122	98	93	96	121	121	128	120	121	123
Okttober .	114	117	121	90	102	92	120	121	128	120	122	124
November	115	118	122	92	112	95	120	120	128	121	122	125
Desember	117	119	122	96	114	99	122	120	129	121	122	125

Kornprisane for avlinga 1958 var dei same som året før: 90 øre pr. kg for kveite, 83 øre for rug, 70 øre for bygg og 61 øre for havre. Som før var det tillegg for fjell- og fjordbygder, med 4 øre pr. kg bygg. Korn som berre er skikka til før, har Statens Kornforretning teki mot etter lægre prisar: 73 øre pr. kg for kveite, 65 øre for bygg og 54 øre for havre. For Austlandet og Agder var fôrkornprisane 2 øre høgre pr. kg på grunn av haustevilkåra i 1958. I 1957 var det slike tillegg for heile landet.

Korntrygda for avlinga 1958 vart noko endra. Som før vart det ei trygd på 19 øre pr. kg for inntil 1000 kg matkorn (av kveite og rug) pr. bruk. Utanom dette var trygda før avgrensa etter dyretalet, men det vart no ei grunntrygd på 6 øre pr. kg korn utan avgrensing og ei tilleggstrygd på 8 øre pr. kg for kveite, rug og bygg og 4 øre for havre, avgrensa etter dyretalet på bruket.

